



SELJE KOMMUNE

Kommunestyret

Møtebok

Møtedato: 15.12.2014

Møtetid: Kl. 12:00 – 17:10

Møtested: Selje Hotel

Saksnr.: 068/14 - 085/14

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård (ordfører), Gunnar Silden, Terje Ødegård, Judith Kvåle.

UAVH: Toril Sande.

FRP: Svein Hansen (fekk permisjon før vedtak vart gjort i sak 079/14), Anne Lise Drage, Marit Swensen.

KRF: Gunn V. Helgesen, Raymond Myren, Stein Robert Osdal.

H: Magny H. Myklebust, Kenneth Brandal, Eva Janne T. Årvik.

AP: Per Egil Hellebust

SP: Gunn Sande

Følgjande medlemmer møtte ikkje

FRP: Ove Swensen

Følgjande varamedlemmer møtte

FRP: Rune Hovden

FRP: Dagfinn Kvamme møtte som vara for Svein Hansen i sak 079/14

Følgjande frå administrasjonen møtte

Nytilsett rådmann frå 01.01.14, Ørnulf Lillestøl møtte og vart presentert for Kommunestyret.

Økonomisjef Geir Kvisten. Konst. kommunalsjef Helse og omsorg Finn Ove Arnes.

Konst. rådmann Åse Elin Hole førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Kommunestyret stemte over å ta opp saka «Forskrift skulekrinsar – Høyring» som ekstra sak: 8 røyster mot og 9 røyster for å ta opp saka.

Ekstra sak vert handsama: Sak: nr. 085/14 Forskrift skulekrinsar – Høyring

Sak 085/14 vart handsama etter sak 069/14.

Sak 081/14 vart handsama etter sak 072/14

17 voterande.

Orientering:

MOT - 5 elevar frå ungdomsskulane i Selje kommune møtte og orienterte om MOT arbeidet. Nordfjord legevakt - Kommunelege i Vågsøy Trond Inselseth og kommunelege i Selje Jonas Larsson orienterte i sak 075/14

Etter Kommunestyremøtet var avslutta var det middag med innbudne gjestark l. 18.00. Tilsette arbeidstakarar i 25 år og arbeidstakarar som sluttar i kommunen fekk gåver. Kulturprisen 2014 vart tildelt Aletta Leikanger. Idrettsprisen 2014 vart tildelt Anne-Britt Drabløs Rekdal og Svein Rekdal.

Følgjande saker vart handsama

Tilleggsaker: 085/14

Sak nr.	Sakstittel
068/14	Godkjenning av møtebok
069/14	Referatsaker
070/14	Nytt økonomireglement for Selje kommune
071/14	Budsjettendring - Investering IKT-utstyr til serverrom kommunehuset
072/14	Søknad om tilskot - Privat barnehage / kommunal avdeling Ytre Stad
073/14	Avgifter og gebyr 2015
074/14	Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018
075/14	Nordfjord legevakt - utvida opningstid og endring av vaktordning
076/14	Interkommunalt samarbeid - Samfunnsmedisinske tenester mellom Flora og Selje kommune
077/14	Smittevernlege, oppnevning av smittevernansvarleg i Selje kommune
078/14	Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune
079/14	Politisk og økonomisk forankring av prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje (EVS)
080/14	Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune - revidering
081/14	Trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK) 2015
082/14	Spelemidlar 2015 - Prioritering av søknader
083/14	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - Revisjon handlingsprogram 2014
084/14	Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat
085/14	Forskrift skulekrinsar - Høyring

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.12.2014	068/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/645
--------------------------------------	---------------	----------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 05.11.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.12.2014	Møtebok KS 05.11.14. Off.pdf	61214

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

KS-068/14 VEDTAK

Møteboka frå møte 05.11.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.12.2014	069/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/644
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Tilleggsreferat:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/5128	I	18.11.2014	Harald M Kvame Hansen	Uttale fra foreldregruppa i forhold til budsjettet til Selje kommune
2	14/5175	I	21.11.2014	Fagorg. / Hovudverneombod i Selje kommune	Vedk. økonomiske nedskjeringar i Selje kommune
3	14/5216	I	25.11.2014	Småbarnsforeldre Leikvang avd. Ytre Stad	Vern om de minste - sikre barnehagetilbudet på Ytre Stad
4	14/5213	I	25.11.2014	Jon Frogner	Åpent brev fra småbarnsforeldre på Stad
5	14/5361	I	05.12.2014	Foreldrene i Flatraket barnehage	Høyringsuttale budsjett 2015
6	14/5223	I	26.11.2014	Nordfjord Havn IKS	Møtebok Havnerådsmøte 18.11.14 - Nordfjord Havn
7	14/5386	I	08.12.2014	Hareid Fastlandssamband AS	Protokoll - Ekstraordinær generalforsamling 22.10.2014
8	14/5282	I	01.12.2014	Grunnlovsseilasen 2014 v/ Nora Kiil	Rapport Grunnlovsseilasen 2014
9	14/5416	I	10.12.2014	Selje skule v/ rektor Kristin Otneim Aarsnes	Høyringsuttale budsjett 2015
10	14/5420	I	10.12.2014	Selje skule v/Undervisningsforbu ndet	Høyringsuttale budsjett 2015
11	14/5421	I	10.12.2014	Selje skule	Høyringsuttale budsjett 2015

				v/Foreldreutvalget	
12	14/5451	I	12.12.2014	Utdanningsforbundet	Høyringsuttale budsjett 2015
13	14/5452	I	11.12.2014	FAU Stadlandet skule	Høyringsuttale budsjett 2015
14	14/5463	I	15.12.2014	FU ved Selje barnehage	Høyringsuttale budsjett 2015
15	14/5468	I	15.12.2014	Stadlandet Bedriftsforening	Vedk. Eiendomsskatt
16	14/5417	I	10.12.2014	Nordfjorrådet	Møtebok Nordfjorrådet 02.12.14

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Tilleggsreferat:

09. Samarb. utv./Skulemiljøet ved Selje skule, dat. 09.12.14 – Uttale til budsjett 2015.
10. Utdanningsforb. ved Selje skule, dat. 09.12.14 – Uttale til budsjett 2015.
11. Foreldreutv. ved Selje skule, dat. 10.12.14 – Uttale til budsjett 2015.
12. Utdanningsforb. Selje lokallag, dat. 11.12.14 – Uttale til budsjett 2015.
13. FAU ved Stadlandet skule, dat. ??12.14 – Uttale til budsjett 2015.
14. FU ved Selje skule, dat. 14.12.14 – Uttale til budsjett 2015.
15. Stadlandet Bedriftsforening, dat. 14.12.14 – Uttale vedk. eigedomsskatt
16. Nordfjorrådet – Møtebok Nordfjorrådet 02.12.14
17. Møteplan 2015

KS-069/14 VEDTAK

Referat 1 – 16. Teke til vitande.

17: Møteplan 2015 vert godkjend. Sendast ut til tenesteleiarar og politikarar / Heimeside..

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	114/14
Kommunestyret	15.12.2014	070/14

Sakshandsamar Geir Kvisten	Arkiv FE-200, TI-&00	Arkivsak 14/624
-------------------------------	-------------------------	--------------------

Nytt økonomireglement for Selje kommune

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	03.12.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Forslag til nytt økonomireglement

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.12.2014	Forslag - Økonomireglement Selje kommune. 15.12.pdf	61213

Saka gjeld

Selje kommune sitt økonomireglement er mange år gammelt, og overmodent for en revisjon. Det utdaterte reglementet er ikkje i overensstemmelse med dagens organisering og praksis, noe som også har medført kritikk frå kommunerevisjonen.

Det nye reglementet er meir omfattende enn det tidlige, hvor ulike rutiner er beskrevet blant annet i forhold til fakturering, fullmakter, prosjekter osv. Det nye økonomireglementet gir et riktig bilde av hvordan økonomifunksjonene utøves i kommunen i dag.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det nye økonomireglementet vedtas, og erstatter alle tidligere økonomireglement.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Merknad frå Formannskapet:

Tillegg i Økonomireglementet

Pkt. 6. Rapportering (s.22): Månadleg rapportering til Formannskapet.

Pkt. 2.3.3.Fullmakter til rådmann (s.9) tredje strekpunkt: Endre frå kr. 300.000 til 500.000.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen (med tillegg i merknad) fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-114/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå SP:

Budsjettendring og rapportering som tidlegare år på ramme og ansvarsnivå.

Unnateke for budsjett 2015 då budsjettet skal handsamast på møte i dag.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 16 røyster for og 1 mot.

Framlegg frå SP fekk 1 røyst for og 16 mot.

KS-070/14 VEDTAK

Tillegg i Økonomireglementet

Pkt. 6. Rapportering (s.22): Månadleg rapportering til Formannskapet.

Pkt. 2.3.3.Fullmakter til rådmann (s.9) tredje strekpunkt: Endre frå kr. 300.000 til 500.000.

Det nye økonomireglementet vedtas, og erstatter alle tidligere økonomireglement.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor

Kontrollutval



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	113/14
Kommunestyret	15.12.2014	071/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-202	14/641

Budsjettendring - Investering IKT-utstyr til serverrom kommunehuset

Saka gjeld

Bestilling av ny hovedswitch til datarommet i Selje kommune.

Opplysningar til saka

Etter henvendelse frå Nordfjordnett i sommer ble det bestilt en ny hovedswitch til datarommet i Selje kommune. Ifølge driftsansvarlig for infrastruktur begynte dette å bli kritisk siden den gamle har begynt å fuske, og det i tillegg ikke er mulig å få tak i nye deler til denne modellen om noe ryker. Det ble derfor bestemt at man skulle bestille en ny switch, og dette inngikk i større ordre sammen med Gloppen, Vågsøy og Eid. Vi fikk derfor en bedre pris, enn vi kunne fått ved et enkelt kjøp alene. Switchen står nå hos Nordfjordnett i Måløy, og vil bli innstallert i Selje så snart som mulig.

Saksbehandleren antok at dette var et ordinært driftsprosjekt, og dette kjøpet er derfor ført i driftsregnskapet. I ettertid ser vi at dette bør føres i investeringsregnskapet, siden beløpet utgjør mer enn 100 000 kroner, og at antatt levetid for denne switchen er minst 10 år.

Det foreslås derfor at dette kjøpet føres ut av driftsregnskapet, og at det opprettes et nytt prosjekt i investeringsbudsjettet for 2014.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Investering i hovedswitch til datarommet i Selje, prosjektnummer 1421, vedtas med kr. 153 823 ex. Mva. Kjøpet finansieres ved bruk av ubrukte lånemidler.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-113/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-071/14 VEDTAK

Investering i hovedswitch til datarommet i Selje, prosjektnummer 1421, vedtas med kr. 153 823 ex. Mva. Kjøpet finansieres ved bruk av ubrukte lånemidler.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	112/14
Kommunestyret	15.12.2014	072/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-A10, TI-&88	14/505

Søknad om tilskot - Privat barnehage / kommunal avdeling Ytre Stad

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	09.10.2014	Foreldregruppe for Ytre Stad Privat barnehage	Søknad - Ytre Stad Privat barnehage
2	U	26.10.2014	Foreldregruppe for Ytre Stad Privat barnehage	Motteken søknad
4	I	26.11.2014	Foreldregruppa v/ Karina Aarvik	Søknad om økonomisk stønad til Ytre Stad privat barnehage.

Saka gjeld

Selje kommune har motteke søknad frå ei foreldregruppe på Ytre Stad om tilskot til drift av privat barnehage –alternativt drift av kommunal barnehageavdeling i skulelokala til tidlegare Ytre Stad skule og barnehage.

Opplysningar til saka

Alternativ 1: Kommunalt tilskot til privat barnehage.

Selje kommune har godkjend ein privat barnehage i dei tidlegare skule- og barnehagelokala. Kommunen er pliktig til å godkjenne private barnehagar om vilkåra for godkjenning ligg føre. Ei slik godkjenning fører ikkje til at kommunen må yte tilskot til evt. drift av denne barnehagen. Kommunen kan vurdere tilskot på fritt grunnlag.

Selje kommune har plass til alle borna i noverande leikvang barnehage. Det er difor ikkje aktuelt for Selje kommune å vurdere privat barnehage som eit tillegg til dei kommunale barnehagane for å oppfylle lovkravet om barnehageplass til alle som ynskjer dette.

Fylkesmannen har på direkte spørsmål slege fast at kommunen ikkje kan gje eit skjønsmessig tilskot til privat barnehagedrift. Viss kommunen vél å yte tilskot til privat barnehage, skal statlege satsar nyttast. Statlege satsar for tilskot til privat barnehagedrift er snittet av kostnaden på kommunale barnehageplassar inkludert utgifter til drift og avskrivning av bygg, samt alle avgifter og kostnadar til administrasjon. Det er eit omfattande arbeid å rekne ut det eksakte beløpet for slikt tilskot.

Slik den økonomiske situasjonen er i Selje kommune, ser rådmann det som uaktuelt å vurere tilskot til privat barnehagedrift. Rådmann meiner difor at det ikkje skal nyttast administrative ressursar på å rekne ut nemnde tilskot.

Rådmann tilråd difor at foreldregruppa på Ytre Stad får avslag på søknad om kommunalt tilskot til drift av barnehage.

Alternativ 2: Drift av kommunal barnehageavdeling på Ytre Stad

Erfaring frå drift av slik avdeling hausten 2014, tilseier at slik drift har betydelege meirkostnadar samanlikna med om desse borna mottok barnehagetilbodet i lokala til Leikvang barnehage. Av element som gjev meirutgift, kan nemnast: ekstra bemanning fordi dei er ei avdeling åleine (tryggleik), ingen fleksibilitet i utnytting av personalet som i ein større barnehage, ikkje sparepotensiale ved sjukdom/vikariering, eiga pedagogstilling, evt. husleige, straum, renovasjon, telefon .

I tillegg fører slik drift av ei ekstern barnehageavdeling til mykje ekstraarbeid for leiinga i barnehagen.

Opplegget med ekstern avdeling vanskeleggjer samarbeid med kollegaer, møteverksemd og bruk av ubunden tid.

Det var i søknaden om drift av slik avdeling hausten 2014, argumentert med at foreldregruppa ville ha tid til å etablere privat barnehagedrift. Frå Selje kommune si side har det hausten 2014 vore planlagd med at barnehageborna på Ytre Stad får tilbod om plass i Leikvang barnehage sine egne lokale frå nyttår. Budsjettframlegget for 2015 er også utarbeidd med tanke på at barnhagen ikkje driv ei avdeling på Ytre Stad. Budsjettet tek difor ikkje høgde for dei meirutgiftene ei slik ekstern barnehageavdeling vil føre med seg.

Den økonomiske situasjonen i Selje kommune tilseier at også barnehagedrifta må drivast så rasjonelt og økonomisk som råd er. Det kan då ikkje tilrådest å drive ei ekstern barnehageavdeling når det er plass til borna i kommunen sine egne lokale i Leikvang.

Rådmann tilråd difor avslag på søknaden om drift av kommunal barnehageavdeling på Ytre Stad frå januar 2015.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det vert ikkje gjeve kommunalt tilskot til drift av privat barnehage på Ytre Stad.
Det vert ikkje drift av kommunal barnehageavdeling på Ytre Stad i 2015.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 røyster

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-112/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-072/14 VEDTAK

Det vert ikkje gjeve kommunalt tilskot til drift av privat barnehage på Ytre Stad.
Det vert ikkje drift av kommunal barnehageavdeling på Ytre Stad i 2015.

Samrøystes.

Utskrift til:

Foreldregruppe for Ytre Stad Privat barnehage



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.11.2014	010/14
Eldrerådet	13.11.2014	011/14
Driftsutvalet	13.11.2014	049/14
Formannskapet	26.11.2014	097/14
Kommunestyret	15.12.2014	073/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-231	14/601

Avgifter og gebyr 2015

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.11.2014	Gebyr og betalingsatsar 2015 - 01.01.2015.pdf	60349
20.11.2014	13.11.14 Gebyr og betalingsatsar 2015 - 01.01.2015.pdf	60793

Saka gjeld

Fastsetting av offentlege avgifter og gebyr for 2015.

Opplysningar til saka

Etter oppmoding frå Revisor skal kommunen sine gebyr og betalingsatsar vere samla i eitt hefte. Heftet skal også vise prisutvikling. Satsane skal justerast årleg etter vedtak i kommunestyret. Kommunestyret justerte satsane sist pr.01.08.2014 som eit tiltak etter framlegg frå Agenda Kaupang. Den justeringa galdt fram til 31.12.2014. Det må difor gjerast nytt vedtak for 2015. Saka skal høyrast på same måte som budsjett 2015.

Ein del satsar er fastsett i Statsbudsjettet, men likevel med her fordi det er kommunen som krev dei inn. Desse satsane er ennå ikkje publisert sentralt fordi Statsbudsjettet er ikkje ferdig handsama. Kommunestyret kan gjere vedtak om at desse vert ført inn i heftet når dei er publisert.

Merknader til punkta i heftet:

1. Barnehage
Makspris 2015 ikkje kjend. Prisen kan førast inn når makspris er kjend
2. Kulturskule
Auka med 4%

3. Skulefritidsordning
Auka med 4%
4. Eldretun, omsorgsbustadar, heimehjelp
Husleige eldretun auka med 2,5%
Husleige tryggleiksavdeling auka med 3,66%
Mat auka med 3,8% frå 2. kvartal 2013
Timesats for heimebaserte tenester er fastsett sentralt og må førast inn seinare
5. Leigesatsar for kommunale utleigebustadar og garasjer
Tala er ikkje klare. Oppdaterte tal vil bli lagt fram i møtet
6. Feiing Brannsyn
Vidareført tidlegare vedtak
7. Tomteprisar
Tala er ikkje klare. Oppdaterte tal vil bli lagt fram i møtet
8. Gebyrregulativ for vatn, avløp og slamtøming
Endring, 2014-2015: 2,5 % auke - vassgebyr, 5 % auke – kloakkgebyr, 2,5 % auke -
slamgebyr, inga endring i satsane for kaigebyr
9. Oppmålingsgebyr
Satsane vert fastsett sentralt. Kan innførast når dei er kjende
10. Gebyr for kopiering, scanning, plotting og ekspedisjon
Takstane som var fastsett 01.08.2014 vert vidareført i 2015
11. Gebyrsatsar frå tinglysinga (Kartverket)
Satsane vert fastsett sentralt. Kan innførast når dei er kjende
12. Bilettprisar 2015- Barmøyferja og Seljeruta
Skal fylgje Riksregulativet for ferjeruter Takstsone 2. Satsane for 2015 er ikkje kjende.
Kan førast inn når satsane er kjende
13. Renovasjon NOMIL
Blir fastsett av styret i NOMIL. Gebyrregulativet vert ført inn når NOMIL har gjort vedtak
14. Gebyr for tenester etter plan og bygningslova
Takstane som var fastsett 01.08.2014 vert vidareført i 2015
15. Leigesatsar for lokale i skular og barnehagar
Tala er ikkje klare. Oppdaterte tal vil bli lagt fram i møtet
16. Gebyr for viltforvaltning
Ny punkt i heftet. Vidareføring av tidlegare praksis

Lover/regelverk

Kommunelova

Statsbudsjettet 2015

Pasientrettighetsloven

Opplæringslova

Sakshandsamar si vurdering

Gebyrheftet samlar no prisane på dei fleste kommunale tenestene og kan leggjast ut til høyring

Saksgang

Saka vert handsama i Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Driftsutvalet. Merknader vert innarbeidd og Formannskapet legg saka ut til høyring. Kommunestyret gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Formannskapet legg heftet «Gebyr og betalingsatsar 2015» ut på høyring slik som det ligg føre.

Administrasjonen får fullmakt til å føre inn statleg regulerte og andre (NOMIL) sine betalingsatsar etter kvart som desse vert kjende.

Kommunestyret gjer vedtak om «Gebyr og betalingsatsar 2015» gjeldande frå 01.01.2015 til 31.12.2015

Handsaming i Eldrerådet - 13.11.2014

4 voterande

Rådgjevar Svein Barmen orienterte i saka.

Tilleggsdokument: Tilleggsopplysningar med nye tal og oppdatert gebyrregulativ.

Etter at saka var utsend er fylgjande nye tal kome inn:

Til punkt 5: Leigesatsar for kommunale utlegebustadar og garasjer:

Takstauke med prisstigning: 2,8%

Til punkt 7: Tomteprisar

Takstauke med prisstigning: 2,8%

Til punkt 13: Renovasjonsavgift NOMIL

Framlegg til ny betalingsforskrift frå styret i NOMIL: Takstauke med 3%

Til punkt 15 Leigesatsar for lokale i skular og barnehagar

Takstauke med 3%

Oppdatert hefte er lagt ved saka.

NY TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Formannskapet legg heftet «Gebyr og betalingsatsar 2015» ut på høyring slik som det ligg føre.

Administrasjonen får fullmakt til å føre inn statleg sine betalingsatsar etter kvart som desse vert kjende.

Kommunestyret gjer vedtak om «Gebyr og betalingsatsar 2015» gjeldande frå 01.01.2015 til 31.12.2015

Røysting:

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-011/14 VEDTAK

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.11.2014

4 voterande

Viser til orientering og handsaming i Eldrerådet same dag, der ny tilråding frå administrasjonen, vart lagt fram.

Røysting:

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for. Samrøystes.

RFF-010/14 VEDTAK

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

Handsaming i Driftsutvalet - 13.11.2014

6 voterande

Viser til orientering v/sakshandsamar og handsaming i Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne same dag, der ny tilråding frå administrasjonen vart lagt fram.

Røysting:

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

KU-049/14 VEDTAK

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Røysting:

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-097/14 FRAMLEGG

Som ny tilråding frå administrasjonen

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå Kommunestyret:

Tillegg som pkt. 15 i «Gebyr og betalingsatsar for 2015»

Lag og organisasjonar i kommunen skal ikkje betale leige for lokale i skular og barnehagar.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

Framlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-073/14 VEDTAK

Kommunestyret vedtek «Gebyr og betalingsatsar 2015» gjeldande frå 01.01.2015 til 31.12.2015.

Tillegg som pkt. 15 i «Gebyr og betalingsatsar for 2015»

Lag og organisasjonar i kommunen skal ikkje betale leige for lokale i skular og barnehagar.

Administrasjonen får fullmakt til å føre inn statleg sine betalingsatsar etter kvart som desse vert kjende.

Samrøystes.

Utskrift til:

Økonomisjef

Revisor



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.11.2014	092/14
Eldrerådet	13.11.2014	010/14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.11.2014	009/14
Driftsutvalet	13.11.2014	048/14
Formannskapet	26.11.2014	098/14
Kommunestyret	15.12.2014	074/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-151	14/438

Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015 - 2018

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	08.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommuneøkonomi - budsjettåret 2015
5	I	15.10.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Vedlegg til sak FS 80/14
6	I	17.10.2014	Vest Kontrollutvalssekretariat	Kontrollutvalet sak 26/14 - Budsjett for Kontrollutvalet 2015
8	I	29.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Handsaming av budsjett og økonomiplan hjå Fylkesmannen
9	U	31.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om vedtak - Prinsippvedtak - Økonomiplan 2015-2018
10	I	03.11.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Vedlegg til sak FS 092/14 - Formannskapet 03.11.14
11	I	04.11.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Vedlegg til sak FS 092/14 - Formannskapet 03.11.14 - Investeringsbudsjettet 2015
12	I	16.11.2014	Økonomisjef Bård Fløde	Økonomi Oppvekst - Presentasjon i Formannskapet 03.11.14
13	I	20.11.2014	Kommunerevisjonen	Budsjett Kommunerevisjonen 2015
15	I	25.11.2014	Geir Kvisten	Budsjett og økonomiplan 2015-2018
16	I	12.12.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Vedlegg til sak i KS 15.12.14 - Økonomiplan
18	I	13.12.2014	Ordfører Ottar Nygård	Budsjettskjema 1AB - FS si innstilling til KS 15.12.14
17	I	13.12.2014	Ottar Nygård	Budsjettskjema 1AB formannskapets innstilling.xlsx

19	I	15.12.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Nytt budsjettforslag pr. søndag 14.12.14
22	I	16.12.2014	Økonomisjef Geir Kvisten	Kommunestyrets budsjettvedtak 15.12.14
21	I	18.12.2014	Høgre og Senterpartiet	H og SP sitt framlegg i sak KS 15.12.14 - sak 074/15
20	I	18.12.2014	Selje FRP v/Svein Hansen	FRP sitt framlegg i sak KS 15.12.14 - sak 074/15

Saka vert delt ut i møtet.

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.11.2014	Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet.xlsx	60301
04.11.2014	Budsjettskjema 1B Driftsbudsjett.pdf	60337
03.11.2014	Budsjett 2015 - ansvarsnivå.xlsx	60300
04.11.2014	Investeringsbudsjettet 2015.xlsx	60316
25.11.2014	VS: Budsjett og økonomiplan 2015-2018	60860
25.11.2014	Budsjett 2015 - ansvarsnivå. 24.11.14.pdf	60861
25.11.2014	Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet.24.11.14.pdf	60862
25.11.2014	Budsjettskjema 1B - driftsbudsjettet.24.11.14.pdf	60863
25.11.2014	Budsjettskjema 2A - investeringsbudsjettet.24.11.14.pdf	60864
25.11.2014	Budsjettskjema 2B - investeringsbudsjettet.24.11.14.pdf	60865
12.12.2014	Vedlegg pr.12.12.14 - Økonomiplan 2015-2018 15.12.pdf	61331
15.12.2014	Buds.skjema 1AB. FS si innstilling til KS15.12.14.xlsx	61335
15.12.2014	Budsjett 2015 - ansvarsnivå søndagsmøte.xlsx	61340
15.12.2014	Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet søndagsmøtet.xlsx	61341
18.12.2014	Framlegg fra FRP 15.12.14 KS.pdf	61412
18.12.2014	Framlegg fra H og SP - KS 15.12.14 .pdf	61414
18.12.2014	Budsjettskj. 1A - driftsbudsj. KS vedtak 15.12.2014.pdf	61416
18.12.2014	Budsjettskj. 1B - driftsbudsj. KS vedtak 15.12.2014.pdf	61417
18.12.2014	Budsjettskj. 2A investeringsbudsj. 2015-2018 KS. 15.12.2014.pdf	61418
18.12.2014	Budsjettskj. 2B investeringsbudsj. 2015-2018 KS. 15.12.2014.pdf	61419

Saka gjeld

Opplysningar til saka

Lover/regelverk

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Konklusjon

Saksgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

.....

Handsaming i Formannskapet - 03.11.2014

Saka vart handsama som nr. 2 på saklista.

Kommunalsjefar / Tenesteleiarane deltok (dialogmøte) under handsaminga av . sak FS 92/14.

Toril Sande fekk permisjon kl. 17.05 (under handsaming av denne saka)

6 voterande

Framlegg frå Formannskapet:

Utfordringane for budsjettåret 2015 vart presentert av tenesteleiarane.

Saka vart drøfta og utfordringane danner grunnlaget for det vidare budsjettarbeidet

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster for. Samrøystes

FS-092/14 FRAMLEGG

Utfordringane for budsjettåret 2015 vart presentert av tenesteleiarane.

Saka vart drøfta og utfordringane danner grunnlaget for det vidare budsjettarbeidet

Handsaming i Eldrerådet - 13.11.2014

4 voterande

Fylgjande justerte dokument vart framlagde:

- Budsjettskjema 1A
- Budsjettskjema 1B
- Konsekvensjustert budsjett 2015
- Investeringsbudsjett 2015

Budsjettskjema 1A viste eit meirforbruk (underskot) på kr 1.803.000

Framlegg frå Eldrerådet:

Eldrerådet drøfta dei konsekvensjusterte budsjetta på hovedområde, og kom fram til fylgjande endringar:

Reduserte utgifter:

Komm.sjef/stab: Auka reduksjon 2015 kr 100.000

Drift og utvikling:

Brann: Auka reduksjon kr 200.000

Eiendom: Auka reduksjon grunna sterkt redusert

- Investeringsnivå kr 500.000 kr 800.000

Auka utgifter :

Oppvekst: Flatraket skule vert oppretthalden kr 1.000.000

Sjukeheimen: Ingen reduksjon	kr 1.400.000	
Vernepleie og psykiatri. Ingen reduksjon	kr 150.000	<u>kr 2.550.000</u>

Auka inntekter:

Eigedomsskatt: Det vert innført eigedomsskatt for faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og anna næringseigedom, jfr **Eiendomsskatteloven § 3, bokstav g**

kr 2.150.000

Ved innføring av eigedomsskatt etter § 3, bokstav g, er det unødvendig med kostnader til taksering av næringseigedomar m.v.

Stipulert innsparing kr 1.403.000

Oppsummering:

Meirforbruk Budsjettskjema 1A kr 1.803.000

Auka utgifter kr 2.550.000

Utfordring 1 **kr 4.353.000**

Reduserte utgifter kr 800.000

Eigedomsskatt kr 2.150.000

Utfordring 2. **kr 1.403.000,-**

Vert dekket ved stipulert innsparing av kostnader til taksering av næringseigedomar m.v.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes

ELD-010/14 VEDTAK

Som framlegget frå Eldrerådet. Samrøystes.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.11.2014

5 voterande

Framlegg frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Inntekt:

Selje kommune bør bruke inntektspotensialet sitt fullt ut.

Vi ser at framlegg til nedskjeringar som no er foreslått der mange tenestoområde vert råka, skal sakene ha god konsekvensutgreiing. Det er først då at ein kan gjere gode vedtak i ein vanskeleg situasjon.

Røysting:

Framlegg frå Rådet fekk 5 røyster for. Samrøystes.

Representanten Ann Kathrin Ervik forlet møtet.
4 voterande

RFF-009/14 VEDTAK

Inntekt:

Selje kommune bør bruke inntektspotensialet sitt fullt ut.

Vi ser at framlegg til nedskjeringar som no er foreslått der mange tenesteområde vert råka, skal sakene ha god konsekvensutgreiing. Det er først då at ein kan gjere gode vedtak i ein vanskeleg situasjon.

Samrøystes.

Handsaming i Driftsutvalet - 13.11.2014

6 voterande

Økonomisjef Geir Kvisten orienterte i saka.

1. Framlegg frå H,TP,KRF:

Nedlegging av Driftsutvalet bør vurderast.

Dette bør gjerast som ein del av total gjennomgang av politisk organisering og ulike delegasjonsregelement.

Gjennomgangen må gjerast innan 01.04.2015.

2. Fellesframlegg frå H, TP, KRF, FRP:

Driftsutvalet ber administrasjonen utgreie sal av SFE-aksjar. Gevinst av sal vert fordelt på nedbetaling av lån og avsetjing til investeringsfond med langsiktig forvaltning.

3. Framlegg frå TP, KRF:

Driftsutvalet tilrår å oppretthalde Flatraket skule og foreslått nedlegging av ei avdeling på Seljetunet.

Finansiering vert ved å innføre eigedomsskatt frå 01.01.15

4. Framlegg frå H, FRP:

Driftsutvalet tilrår å oppretthalde Flatraket skule og foreslått nedlegging av ei avdeling på Seljetunet.

Finansiering vert å kome attende til i formannskapet si handsaming 26.11.15.

5. Fellesframlegg frå H, TP, KRF, FRP:

Investeringsbudsjettet vert slik administrasjonen har lagt fram pluss at TIK-midlar med nettokostnad på kr. 140.000 skal innarbeidast i Investeringsbudsjettet.

Røysting:

Det vart røysta over 5 ulike framlegg.

1. Framlegg frå H, TP, KRF fekk 5 røyster for og 1 mot.
2. Fellesframlegg frå H, TP, KRF, FRP fekk 6 røyster for. Samrøystes
3. Framlegg frå TP, KRF fekk 4 røyster for og 2 røyster mot.
4. Framlegg frå H, FRP fekk 2 røyster for og 4 mot.
5. Fellesframlegg frå H, TP, KRF, FRP fekk 6 røyster for. Samrøystes

KU-048/14 VEDTAK

Nedlegging av Driftsutvalet bør vurderast.

Dette bør gjerast som ein del av total gjennomgang av politisk organisering og ulike delegasjonsregelement.

Gjennomgangen må gjerast innan 01.04.2015.

Driftsutvalet ber administrasjonen utgreie sal av SFE-aksjar. Gevinst av sal vert fordelt på nedbetaling av lån og avsetning til investeringsfond med langsiktig forvaltning.

Driftsutvalet tilrår å oppretthalde Flatraket skule og foreslått nedlegging av ei avdeling på Seljetunet. Finansiering vert ved å innføre eigedomsskatt frå 01.01.15

Investeringsbudsjettet vert slik administrasjonen har lagt fram pluss at TIK-midlar med nettokostnad på kr. 140.000 skal innarbeidast i Investeringsbudsjettet.

Tillegg / orientering frå økonomisjefen før handsaming i Formannskapet 26.11.14:

Nye vedlegg i saka (utsendt):

Budsjettskjema 1A og 1B. Driftsbudsjettet.

Budsjettskjema 2A og 2B. Investeringsbudsjettet.

Oversikt over rammeområdene.

Kommuneloven prf. 44 pålegger kommunene å utarbeide en økonomiplan en gang i året. Økonomiplanen skal være det viktigste plan- og styringsdokumentet for kommende fireårsperiode. Videre regulerer kml. Pr. 45 og 46, samt forskrift om årsbudsjett for kommuner, både om tidspunkt for vedtak, årsbudsjettets innhold, og forskriftsbestemte bestemmelser om årsbudsjettets oppsett.

Økonomiplanen 2015-2018 forutsetter at kommunen skal betale det akkumulerte underskuddet fra tidligere års merforbruk, på til sammen 10,5 mill. kroner i løpet av denne planperioden. Det innebærer at det blir mindre midler å fordele til driften av kommunens tjenester de neste fire årene.

Budsjettprosessen har vært krevende, siden det har vært til dels betydelig gap mellom inntektene til kommunen, og det konsekvensjusterte budsjettet som ble utarbeidet av

tjenestelederne i høst. Vedlagte budsjettforslag er et budsjett som går i balanse, men det innebærer store strukturendringer, innsparingstiltak, og nedbemanning i Selje kommune. Siden inntektene til kommunen langt på vei er gitt, danner det rammen for hvilket tjenestetilbud kommunen kan tilby. Utfordringen blir å få til et mest mulig effektivt tjenestetilbud innenfor de økonomiske rammene kommunen har. Det krever politiske valg ift. Hvilke tjenestetilbud Selje kommune skal kunne levere i fremtiden.

NY TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Forslag til driftsbudsjett for 2015, og økonomiplan for perioden 2016-2018 vedtas, jmf. Skjema 1A og 1B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.
2. Forslag til investeringsbudsjett for 2015, og økonomiplan for 2016-2018 vedtas. Jmf. Skjema 2A og 2B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.
3. Rammen for opptak av lån settes til 1,2 mill. kroner i 2015. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (2,513 mill.) benyttes ubrukte lånemidler 1,313 mill.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Framlegg frå TP og KRF:

- Flatraket skule som i dag
- Seljetunet (sjukeheimen) som i dag
- Hove aktivitetssenter som i dag
- Ikkje halvering av personkontakt innan vernepleie og psykiatri

Inndekkinga er m.a. ved:

- Eigedomsskatt
- Kutt i oppvekst - generell nedbemanning / strukturendring
- Kutt på kyrkja
- Ordførar i 80% etter valet i 2015
- Nedlegging av Driftsutvalet
- Omorganisere administrasjonen

Investeringsbudsjett som tilråding frå administrasjonen.

Røysting:

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.
Framlegg frå TP og KRF fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-098/14 FRAMLEGG

Som framlegget frå TP og KRF.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå H, SP:

1. Driftsbudsjett for 2015, og økonomiplan for perioden 2015-2018 vedtas, jmf. Skjema 1A og 1B, datert. 14.12.14, herunder mål og premisser for bevilgningene.
2. Investeringsbudsjett for 2015, og økonomiplan for 2015-2018 vedtas. Jmf. Skjema 2A og 2B, datert 14.12.14, herunder mål og premisser for bevilgningene.
3. Rammen for opptak av lån settes til 1,2 mill. kroner i 2015. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (2,653 mill.) benyttes ubrukte lånemidler 1,453 mill.
4.
 1. Selje kommune vedtar å innføre eiendomsskatt med hjemmel i lov om eiendomsskatt § 2, for skatteåret 2015.
 2. I medhold av eiendomsskatteloven § 3, skal følgende utskrivningsalternativ benyttes for skatteåret 2015: G) Faste eiendommer i hele kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringsseiendom. Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlina.
 3. Eiendomskattesatsen er 2 promille.
 4. I medhold av eiendomsskatteloven § 7 kan kommunestyret ta stilling til hvilke eiendommer som eventuelt skal få fritak for eiendomsskatt, etter skriftlig søknad.
 5. Eiendomsskatten skal betales i to terminer.
 6. Administrasjonen skal utarbeide retningslinjer for eiendomsskattekontoret og eiendomsskattevedtekter for selje kommune, og fremlegge dette for kommunestyret så snart som praktisk mulig. Videre skal administrasjonen gjøre avtaler med takstmenn som skal bistå i det praktiske arbeidet med takseringen av eiendomsmassen i Selje kommune.
 7. Valg til sakkyndig nemd og valg til klagenemd må foretas i kommunestyret, men er ikke nødvendig i forhold til en prinsipiell avgjørelse om innføring av eiendomsskatt.

Orientering:

Budsjettskjema tilhørende framlegg frå H / SP ligg vert lagt som vedlegg i saksdokumenta.

Framlegg frå FRP :

Viser til vårt budsjettframlegg for 2015:

Politikk og sentraladministrasjon.

Oppvekst.

Helse og omsorg.

Drift og utvikling.

Tilskudd fellestradet.

Budsjettframlegg Økonomiplan 2015-2018

Budsjettskjema 1A 2015 sum kr. 153.594.000,-

Budsjettskjema 1B 2015 sum kr. 153.594.000,-

VEDLEGG TEKSTDEL

1. Framlegg frå FrP.

Kommunestyret vedtek ut i frå den vanskelige økonomiske omstilling Selje kommune er i, skal Formannskap og Driftsutvalet innrullere i møteplan for 2015 ekstra møtedagar/tider. I desse møta skal tema omhandle berre økonomi og budsjett/rekneskap. Vi viser her til møte med fylkesmannen angående rapporteringsrutiner og økonomiske forhold.

2.Framlegg frå FrP:

Det høge sjukefråværet i Selje Kommune.

Grunnen til alle sjukmeldingane, dei må finnast. Vi må alle ta ansvar, dette kan ikkje fortsette. Det er her snakk om store summar som ikkje kjem fellesskapet i Selje kommune til nytte. Selje kommune vil få endå større problem vist ikkje det høge sjukefråværet får høgste merksemd.

Dette vil vi legge sterk vekt på i det kommande budsjettet. Her er store summar som kan brukast/fordelast på andre område.

Vi kjem derfor med framlegg om at kommunestyret vel 3 personar som arbeider spesielt innan Helse og omsorg for å kartlegge og finne løysingar på problemet.

Desse skal rapportere direkte til formannskap/kommunestyre.

Person 1.

Person 2.

Person 3.

Orientering:

Budsjettskjema tilhøyrande framlegg frå H / SP ligg vert lagt som vedlegg i saksdokumenta.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for.

Framlegg frå H og SP fekk 12 røyster for.

Framlegg frå FRP fekk 5 røyster for.

Framlegg frå FRP:

Alle evt. meirinntekter/ekstra skatteinntekter til Selje kommune, skal inn på formannskapets disposisjonskonto.

Røysting:

Framlegg frå FRP fekk 5 røyster for og 12 mot.

KS-074/14 VEDTAK

1. Driftsbudsjett for 2015, og økonomiplan for perioden 2015-2018 vedtas, jmf. Skjema 1A og 1B, datert. 14.12.14, herunder mål og premisser for bevilgningene.
2. Investeringsbudsjett for 2015, og økonomiplan for 2015-2018 vedtas. Jmf. Skjema 2A og 2B, datert 14.12.14, herunder mål og premisser for bevilgningene.

3. Rammen for opptak av lån settes til 1,2 mill. kroner i 2015. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (2,653 mill.) benyttes ubrukte lånemidler 1,453 mill.

4. Eignedomsskatt

1. Selje kommune vedtar å innføre eiendomsskatt med hjemmel i lov om eiendomsskatt § 2, for skatteåret 2015.
2. I medhold av eiendomsskatteloven § 3, skal følgende utskrivningsalternativ benyttes for skatteåret 2015: G) Faste eiendommer i hele kommunen, unnateke verk og bruk og annen næringsseiendom. Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlina.
3. Eiendomskattesatsen er 2 promille.
4. I medhold av eiendomsskatteloven § 7 kan kommunestyret ta stilling til hvilke eiendommer som eventuelt skal få fritak for eiendomsskatt, etter skriftlig søknad.
5. Eiendomsskatten skal betales i to terminer.
6. Administrasjonen skal utarbeide retningslinjer for eiendomsskattekontoret og eiendomsskattevedtekter for selje kommune, og fremlegge dette for kommunestyret så snart som praktisk mulig. Videre skal administrasjonen gjøre avtaler med takstmenn som skal bistå i det praktiske arbeidet med takseringen av eiendomsmassen i Selje kommune.
7. Valg til sakkyndig nemd og valg til klagenemd må foretas i kommunestyret, men er ikke nødvendig i forhold til en prinsipiell avgjørelse om innføring av eiendomsskatt.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor

Kontrollutvalet



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	26.11.2014	100/14
Kommunestyret	15.12.2014	075/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Finn Ove Arnes	FA-G21	13/230

Nordfjord legevakt - utvida opningstid og endring av vaktordning

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	06.03.2013	Eid kommune v/Rune Engeseth	Kostnad ny driftsmodell - NLV

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2014	Talgrunnlag - fastløn ved NLV 207959_1_P.xlsx	60727

Saka gjeld

Framlegg om utvida opningstid for interkommunale legevakta (NLV)

Endring i vaktorganisering /avlønning for fastlegar i Nordfjord legevakt.

Opplysningar til saka

Framlegg til ny akuttforskipt gjev behov for endring i legevaktorganisering, Det kjem nye kompetansekrav og auka krav til opplæring og kursing av legar i vakt.

Ny tariffavtale gjev legar rett til å nekte lengre vakter enn 9 timar. Det fører til at ein må dele opp lange vakter i helgane, fleire legar må inn på kvar helg.

Akuttutvalet sin rapport av 31/10-14, gjev sterke signal om meir ordna arbeidstid for fastlegar, total arbeidstid med vakt skal utgjere ei normal arbeidsveke, framlegg om overgang til fastlønn i legevakt, meir støtte til legar på arbeid i vakt.

Stort trykk på legevakt laurdag og søndag og behov for fast tilsyn med interkommunale akuttsenger (KAD) på laurdag og søndag gjev behov for to legar på vakt delar av dagvakta laurdag og søndag.

Fastlegeavtalene stiller krav om legers ansvar i legevakt på kveld/ natt og helg.

Med kurativ virksomhet på dagtid, lokal legevakt på ettermiddag/ kveld og interkommunal legevakt på natt/ helg opplevast vaktbelastninga for den einskilde fastlege som særskilt krevjande over tid.

Spesielt dei yngste nyutdanna legane oppleve ei stor belastning med mange vakter og eit stort ansvar åleine på vakt på ettermiddag/kveldstid.

Det er no tid for å vurdere nye måtar og organisere legevakt i kommunen /regionen på, med tanke på å behalde faglege gode og kjende legar i kommunen.

Tal pasientar som nyttar den kommunale legevakta på kveldstid ligg på mellom 3-4 pasientar pr. vakt pr. kommune. Tal frå Selje legekontor, syner at det er variasjon i talet på konsultasjonar (telefon og oppmøte) frå 0 til maks 5 pr. vakt. Gjennomsnittet i Selje ligg på 0 -2 pr. vakt.

For Nordfjordkommunane samla sett er det ca. 12 pasientar pr. vakt.

For desse pasientane vil det vere ein ulempe at ein må reise til Eid på kveldstid.

Det er rekna at ca 30 % av dette kan dekkast av fastlegar på dagtid . Ein står då att med 8-9 konsultasjonar på NLV på kveldsvakter. Dette er noko usikkert, berre erfaring vil gje svar på omfanget totalt for NLV:

Saksutgreiing:

Stabilitet i fastlegekorpsset i Nordfjord er særskilt viktig for gode kommunale helsetenester og godt tverrfagleg samarbeid internt i kommunane. Det vil også gje godt og stabilt samarbeid med spesialist helsetenesta.

Det siste året har den interkommunale legevakta for Nordfjord (Vågsøy,Selje,Eid,Stryn og Hornindal) gjennomført eit prøveprosjekt med innleige av eksterne vikarlegar i legevakta i kombinasjon med kommunane sine fastlegar. Dette har vore eit prosjekt kommunane valde å prøve ut for å avlaste fastlegane i Nordfjord i.f.t. vaktbelastning og for å etablere ei tilsynslegeordning knytt til oppretting av KAD sengeplassar.

Legevakt med innleige av vikarlegar som ikkje er kjende med legevakta, prosedyre, rutine og geografi har vist seg å ikkje vere eit fullgodt alternativ til kommunanes egne fastlegar som har erfaring og kunnskap til både legevakt/sjukehus, innbyggjarar og region/geografi.

Fastlegane gjev også uttrykk for at prøveordninga har gjev god avlasting frå vaktarbeid, men den prøveordninga som har vore har ikkje vore fagleg god nok.

Fastlegane har i følge fastlegeavtalen rett til fritak frå legevakt etter fylte 60 år. Mange fastlegar i Nordfjord har oppnådd denne alderen og har fritak frå vakt. Selje kommune har 3 legar som inngår i kommunal legevakt, og 2 som er knytt til interkommunal legevakt. Ein lege har fritak for interkommunal legevakt grunna alder. Denne legen har også uttrykt ynskje om å gå ut av kommunal legevakt. Dette inneber at det i Selje kun er 2 legar som kan dele på oppgåvene knytt til den kommunale og interkommunale legevakta. Dei yngre legane ynskjer ei arbeidsplan som dei kan kombinere med fritids-og familieliv.

Stryringsgruppa for NLV (Nordfjord legevakt) har vurdert ulike alternativ og hatt forhandlingar med tillitsvalde for legane. Dei har saman kome til at felles interkommunal legevakt for Nordfjordkommunane med fastlegar i vakt frå kl 16.00 på kvardagar og i helg vil gje mindre vaktbelastning for den einskilde lege, samstundes som innbyggjarane vil verte møtt av kjende legar i legevakta. Ein har von om at dette igjen vil gje stabile fastlegar i Nordfjord.

1. Gjeldande organisering:

Lokale vakter i kommunane

Måndag til fredag mellom kl 16.00 til kl 22.00.(heimevakt, beredskap)

Vakter NLV:

Alle dager på natt mellom kl 22.00 og kl 0800.

Helg og høgtid: Frå kl 08.00 til kl 22.00 (i tillegg nattvakt)

Ekstra dagvakt på 5 timar helg og høgtid.

Alle vakter som tilstadevakt, frå 5 timar lange vakter til maksimalt 24 timars vakt.

Totalt er det samla mellom 27 og 31 vakter pr veke som skal gjennomførast av fastlegane.

Framlegg til ny organisering vaktplan:

Lokale vakter i a kommunane :

Ikkje lokale vakter i kommunane etter kl 16.00

Gjev ein samla reduksjon på 15 vakter pr veke.

Vakter NLV :

Kveldsvakt vekedagar: frå kl 16.00 til kl 23.00

Nattevakt: frå kl 23.00 til kl 08.00 alle dagar

Helg og høgtid: Dagvakt frå 08.00 til 17.00

Kveldsvakt frå kl 14.00 til kl 23.00.(overlapp knytt til tilsyn KAD og betre kapasitet midt på dag)

Totalt vert det samla 16 vakter , som kan reduserast til 9 vakter pr veke ved å slå saman kveld og natt.(kan ikkje påleggast, må vere etter avtale, ingen vakter skal vere lengre enn 18 timar inkludert natt)

2. Gjeldande system for avlønning:

Lokale vakter i kommunane :

Heimevakt med beredskapsgodtgjering på kr 97,5 pr time. I tillegg kjem eigenbetaling og refusjon frå Helfo. Ca 3 konsultasjonar pr vakt-distrikt pr vakt. Samla ca 12 konsultasjonar i Nordfjord.

Nordfjord legevakt:

NLV på natt. Fastlønn på natt, etter satsar i SFS 2305

NLV på dag helg og høgtid.; Tilstadevakt med beredskapslønn + inntekt frå pasientbetaling og refusjonar frå Helfo.(krev stor grad av administrasjon / fordeling av eigenbetaling og innsending av krav på alle legane.)

Framlegg til nytt system.

Fastlønn på alle vakter i NLV.

Lønn på natt : Følgjer satsar i SFS 2305, same som i gjeldande ordning.

Fastlønn på kveld og helg og høgtid: Ikkje regulert i sentral avtale, krev lokale avtaler.

Lokal avtale er forhandla fram mellom vertskommune/styringsgruppe for legevakta og tillitsvalde for legane. Avtalen gjelde frå oppstart av nytt system med evaluering etter eit års prøvetid. Satsar tek utgangspunkt i andre avtaler som er forhandla fram i andre interkommunale legevakter(Nordhordland og Sunnhordland) Satsane som er forhandla fram ligg høgare enn i Sunnhordland og lågare enn i Nordhordland.

Pratane har kome til semje om følgjande satsar for timelønn i Nordfjord legevakt:

Kvardagar, laurdag og søndag

kr. 600 pr time for turnuslege

Kr. 850 pr time for lege

Kr 1100 pr time for legespesialist.

Beveglege helgedager

kr. 650 pr time for turnuslege

Kr. 900 pr time for lege

Kr 1150 pr time for legespesialist.

Lover/regelverk

- SFS 2305 , tariffavtale mellom KS og DNLF
- Framlegg til ny akutforskrift.
- Akuttutvalet sin delrapport til helse og omsorgsdepartementet av 31/10-14.
- Delavtale mellom kommunane og Helse Førde «Samarbeid om den akuttmedisinske kjede»

Finansiering

I budsjett for 2015 i NLV er ramma for lønn og godtgjering på ca 3,5 mill kroner, inkludert sosiale utgifter. Dette ligg også inne i ramma for Selje legekantor for budsjett 2015.

I gjeldande ordning har kvar kommune i tillegg kostnader knytt til beredskapslønn i vekedagar mellom kl 16.00 og 22.00. Samla utgjer dette ca. kr. 720.000 inkl arbeidsgjevaravgift og feriepengar.

I tillegg er pasientbetaling og refusjonar Helfo som før gjekk direkte inn som inntekt til legane, ført som inntekt til NLV. Desse inntektene er med i grunnlag for kostnader knytt til ei fastlønnsordning. Samla utgjer desse inntektene ca. kr 2,0 mill kroner. Det er då lagt til grunn eit gjennomsnitt på 8 pasientar på kveldsvakter og 20 pasientar på dagvakt helg og høgtid. Gjennomsnittleg refusjon /eigenbetaling er berekna til kr 480 pr konsultasjon..

Desse to postane er lagt inn som grunnlag fastlønn på ny vaktordning. Framlegg til ny vaktordning inkluderer tilsyn på KAD både på helg og kveldsvakter.

I gjeldande ordning er det ca kr 600.000,- som ligg inne i netto kostnad på 3,5 mill (timelønn dagvakt helg og høgtid, samt beredskap på kveld)

Slik styringsgruppa vurderer dette, vil ein med føresetnader over, kome ut med om lag same samla kostnad for kommunane i gjeldande og ny ordning. Det er noko usikkerhet knytt til antall pasientar, men det vil ikkje gje store utslag for kommunane samla. Det er lagt inn ein reduksjon i totale konsultasjonar på kveld på ca 35 % i forhold til dei 12 som i gjennomsnitt oppsøker lege på kveld.

Sakshandsamar si vurdering

Framlegg til ny organisering er ei tilpassing til nye krav til vaktlengde i tariffavtalen. Det er eit system som gjev mindre total vaktbelastning på legekorpset i Nordfjord. Kortare vakter på helg aukar den faglege kvaliteten. Forutsigbar lønn vil stimulere dei mest erfarne legane og best kvalifiserte legane til aktive vakter, i tråd med framlegg til krav i ny akutforskrift. Ordninga vil stimulere legar som kjenner kommunane godt og som har grunnleggande kunnskap om samarbeidsrutinar med helseforetak og ambulanse til vaktarbeid. Ordninga må kombinerast med strenge reglar for fritak for vakt (berre søknader med dekning i regelverk i fastlegeforskrift) og jamn fordeling av ansvar mellom kommunar. Økonomisk vil det ikkje verte store utslag i forhold til dei totale kostnadene med dagens ordning. Det er usikkerhet knytt til antall pasientar til NLV på kveldsvakter på vekedagar som kan påverke dei økonomiske utslaga for ny ordning.

Fast tilsyn med KAD senger på helg og akutt tilsyn på kveld vil verte godt ivareteke gjennom ny vaktplan og med kjente legar. Kan også stimulere fastlegar til auka bruk av KAD sengane. Fastlegar må planlegge praksis slik at dei kan gje akutthjelp til sine listepasientar. Styringsgruppa for NLV vil tilrå at ein vedtek utvida opningstid på NLV og at framlegg til fast lønn på alle vakter vert gjennomført. Ulempene med ordninga er lengre reisetid for innbyggjarane i Selje på kveldstid. I ein situasjon der legevakta vert lagt til Eid, vil ein i mykje større grad kunne argumentere for å oppretthalde ambulanse tenesta i Selje.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1.Selje kommune vedtek utvida opningstider og ny vaktplan for NLV slik det går fram av saksutgreiing punkt 1.

2.Fastlønn på alle vakter vert lagt til grunn for nytt system for lønn for ved NLV slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga
Ordninga vert sett i verk frå 2. februar 2015.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Framlegg frå SP:

Selje kommune vedtek at legevakta skal fortsette som no, med vaktberedskap vekedagar mellom kl. 16-22 ute i kommunane.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå SP fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-100/14 FRAMLEGG

Som framlegg frå SP.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå KRF:

Legg fram administrasjonen sitt forslag til vedtak i sak 075/14.

Innbyggjarane i Selje kommune må få grundig informasjon om kva dette inneber.

Ordninga vert evaluert innan utgangen av januar 2016.

Røysting:

Framlegg frå KRF fekk 11 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster for.

KS-075/14 VEDTAK

1.Selje kommune vedtek utvida opningstider og ny vaktplan for NLV slik det går fram av saksutgreiing punkt 1.

2.Fastlønn på alle vakter vert lagt til grunn for nytt system for lønn for ved NLV slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga

Ordninga vert sett i verk frå 2. februar 2015.

Innbyggjarane i Selje kommune må få grundig informasjon om kva dette inneber.

Ordninga vert evaluert innan utgangen av januar 2016.

Utskrift til:

Rådmann

Eid kommune v/Rune Engeseth

Selje legekantor

Nordfjord legevakt



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	26.11.2014	099/14
Kommunestyret	15.12.2014	076/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Finn Ove Arnes	FE-026, FA-G00	12/996

Interkommunalt samarbeid - Samfunnsmedisinske tenester mellom Flora og Selje kommune

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	24.10.2012		Interkommunalt samarbeid - samfunnsmedisin
2	U	05.12.2012	Dei som skal ha utskrift	Melding om vedtak - Interkommunalt samarbeid - samfunnsmedisin

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2014	endelig versjon 29.05 b.doc.pdf	60758
19.11.2014	14.milj.r.hv.Nordfjord.docx	60759
19.11.2014	Budsjett 2015 - interkommunal samfunnsmedisinsk teneste.xls	60760
19.11.2014	Flora.årsrapp.folkehelseavd.2013.docx	60761
19.11.2014	Flora.samarbeidsavtale.samf.med.doc	60762

Saka gjeld

Etablering av interkommunal samfunnsmedisinsk teneste for aktuelle Nordfjordkommunar

Opplysningar til saka

Med samhandlingsreforma og ny lov om folkehelsearbeid vedteken i 2012, fekk kommunane større og tydlegare krav til innsats innafor samfunnsmedisin.

Det gjeld ikkje minst:

- Strengare krav til det førebyggjande helsearbeidet i kommunane der føremålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjer folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader

- Krav til å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og kva for positive og negative faktorar som påverkar denne,- dette som grunnlag for politisk prioritering av tiltak
- For å hindre uheldige miljøfaktorar som påverkar folkehelsa negativt, er det krav om godkjenning av eller meldeplikt for, ei rekke objekt i medhald av forskrift om miljøretta helsevern. Ei viktig oppgåve er difor som tidlegare, å drive sakshandsaming, tilsyn og opplysningsverksemd knytt til regelverket.
- Smittevernarbeid er også ei oppgåve som kommunane må ta på det største alvor, jfr. fare knytt til tuberkulose, resistente bakteriar, pandeminar, ebolasmitte m.m.

Kommunestyra i Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn fatta våren 2011 vedtak om å søkje prosjektmidlar for utgreiing av ei felles samfunnsmedisinsk teneste i Nordfjord.

Rapporten låg føre sommaren 2012 og rådde til oppretting av ei interkommunal teneste etter vertskommuneprinsippet. Framlegget omfatta oppretting av 2,15 årsv. (1,15 årsv. lege/ spesialist i samfunnsmedisin og 1 årsv. for sakshandsamar i miljøretta helsevern) til ein total kostnad på mellom 2,0-2,2 mill.kr. fordelt etter den etablerte standarden 25 % likt og 75 % etter folketal. Nokre kommunar ville kunne omdisponere ein viss stillingsressurs inn i fellestenesta, medan andre måtte rekne med netto kostnadsauke tilsvarande heile sin del av utgiftene ved tiltaket.

Grunngjevinga for framlegget var at samfunnsmedisinske oppgåver er eit mykje nedprioritert område i kommunane med minimalt av ressursar, og at det er vanskeleg å sjå korleis kommunane skal klare å følgje opp forpliktinga til å ha robust samfunnsmedisinsk teneste utan å satse i lag.

Etablering i fellesskap vil dessutan medføre:

- * stillingsstorleikar som er interessante, og som vil gjere rekruttering særleg av lege, enklare.
- * samling av tenesta gjev rom for fagleg fellesskap, fagleg fordjuping og eit aktivitetsomfang som bidrar til kompetanseutvikling
- * rasjonelle tenester med gunstigare utgiftsnivå enn om kvar kommune skal bygge ut tenester åleine

Rapporten vart handsama av dei respektive kommunestyra hausten 2012.

I utgangspunktet fatta 5 av dei 6 kommunane likelydande prinsippvedtak om etablering av ei interkommunal teneste og om å vurdere prosjektet inn som ein del av økonomiplan for 2013-2016.

Oppstart var då tenkt hausten 2013 i påvente av avklaringar og forhandlingar med Helse Førde om bruk av Nordfjord sjukehus som lokale for diverse interkommunale helsetenester.

Fordi Gloppen hadde trekt seg og Hornindal gjorde det same i ettertid, er det trong for ny gjennomgang av saka. Med fire kommunar i staden for 6 då tenesta vart planlagd, er det naudsynt med reduksjon av ressursinnsatsen.

To alternativ kan vere aktuelle:

- Etablere felles samfunnsmedisinsk teneste for kommunane Vågsøy, Selje, Eid og Stryn
- Kjøpe teneste frå det interkommunale samarbeidet i Sunnfjord med Flora som vertskommune.

Alt. 1 Interkommunal teneste for Vågsøy, Selje, Eid og Stryn etablert ved Nordfjord sjukehus:

Vedlegg syner innbyggjartal og dei fleste objekta innafor miljøretta helsevern som er relevante for dei 4 kommunane som har ca 21 900 innbyggjarar.

Det vil ikkje vere midlar til 100% stilling som samfunnsmedisinar i tillegg til tilstrekkeleg stilling for sakshandsamar i miljøretta helsevern. Aktuelt stillingsomfanget vil vere 0,6 årsv. for lege og 90-100 % stilling for sakshandsamar.

For lege er det tenkt kombinasjon med oppgåver knytt til legevakt , KAD (kommunal akutt døgneining) eller fastlegearbeid / deltid.

Brutto budsjett utgjer kr. 1 567 000, jfr. vedlegg

Kostnadsdeling mellom kommunane med utgangspunkt i 25 % lik og 75 % etter folketal pr. 01.01.14 utgjer:

Kommune	Folketal / %	Kostnad pr år
Vågsøy	6 091 / 28 %	426 900
Selje	2 782 / 13 %	250 700
Eid	5 926 / 27 %	415 200
Stryn	7 134 / 32 %	473 900
sum	21 933	1 566 700

Alt. 2: Kjøp av teneste frå Flora kommune

Dei 10 kommunane som i dag inngår i samarbeidet utgjer som det går fram av vedlagt avtale, vel 48 000 innbyggjarar. Tenesta har 3 årsv og oppgåvene omfattar dei same som er tenkt lagt til ei interkommunal teneste i Nordfjord.

Kostnadsdelinga mellom kommunane er basert på 50 % likt og 50 % etter folketal.

Flora er open for sal av teneste til Nordfjordkommunar og vurderer at det då vil vere trong for noko stillingsauke. Jan Helge Dale, leiar av Folkehelseavdelinga var og presenterte tenestene i Rådmannsmøte 31.10.2014. Flora kommune er klart til å inngå avtale med dei kommunene som ynskjer det frå 01.01.2015. Dei har etablert rutiner og gode prosedyrer og har gode erfaringar gjeld interkommunalt samarbeid.

For begge alternativa gjeld at kommunen må ha ein kontaktperson/lege som har det praktiske pasientarbeidet knytt til smittevern som t.d. tuberkuloseoppfølging og handtering av praktisk arbeid knytt til smittesituasjonar.

Lover/regelverk

- Lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011
- Lov om smittsamt sjukdomar av 05.08.1994
- Forskrift om oversikt over folkehelse av 28.06.142
- Forskrift om miljøretta helsevern av 25.04.2003
- Diverse andre forskrifter knytt til lova

Finansiering

Kostnad for Selje kommune i høve val av alternativ::

Alternativ 1 kr 250 700,- pr år

Alternativ 2 kr 233 610 pr år.

Dette er lagt inn alternativ 2 i budsjett 2015, for ansvar 432, teneste 241, art 13500 (tenester frå andre kommuner)

Sakshandsamar si vurdering

Det er naudsynt for kommunane å få plass ei samfunnsmedisinske teneste som kan ta i vare lovpålagde oppgåver. Ikkje minst på smittevernområdet er stoda kritisk ved at fleire kommunar ikkje har smittevernplan eller oppdatert planverk. Det er delvis store manglar når det gjeld godkjenning, tilsyn og rådgjeving innafor miljøretta helsevern og når det gjeld krav til oversikt over helsetilstand m.m. for innspel til ulikt planverk i kommunane.

Ingen av dei aktuelle kommunane har tilfredstillande samfunnsmedisinsk teneste i dag.

Kommunereforma og kva som vert framtida kan vere kompliserande faktor i vurderingane. Avhengig av framtidige kommunestorleikar, er det mogleg at det uansett vil vere aktuelt med kjøp av teneste på dette området for å få robust nok teneste.

Kostnaden ved Sunnfjordalternativet er billegare å etablere enn tenesta i Nordfjord. Fordelen er at denne tenesta er godt etablert og kan syne til gode resultat, system og rutinar som tek i vare viktige funksjonar.

Oppstart av eit nytt prosjekt i Nordfjord vil vere eit meir usikkert prosjekt, ikkje minst når det gjeld rekruttering av samfunnsmedisinar. Ingen av legane i kommunane har spesialistkompetansen i dag og ekstern rekruttering i kombinasjon med andre funksjonar er uviss. Det vil vere snakk om å bygge opp ei ny teneste frå grunnen av i eit lite fagmiljø. Tenesta vil vere så liten at den vert lite robust ved fråvær m.m.

Konklusjon

Selje kommune vel å inngå avtale med Flora kommune gjeld interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/ folkehelse.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Selje kommune inngår avtale med Flora kommune gjeld kjøp av tenester knytt til interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/ folkehelse.
2. Tenesta er finansiert over ansvar 432.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-099/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-076/14 VEDTAK

1. Selje kommune inngår avtale med Flora kommune gjeld kjøp av tenester knytt til interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/ folkehelse.
2. Tenesta er finansiert over ansvar 432.

Samrøystes.

Utskrift til:

Flora kommune

Flora kommune v/kommunelege Jan Helge Dale



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.12.2014	077/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-G16	14/631

Smittevernlege, oppnevning av smittevernansvarleg i Selje kommune

Saka gjeld

Det skal oppnevast ein smittevernlege for kvar kommune og det bør også oppnevast ein stedfortreder, jfr. Smittevernloven § 7-2.

Lover/regelverk

[Smittevernlova](#)

§ 7-2. *Kommunelegens oppgaver*

Kommunelegen skal utføre de oppgaver innen smittevernet som pålegges i loven her. I kommuner med flere kommuneleger skal kommunestyret utpeke en av dem til å utføre disse oppgavene. Det bør også utpekes en stedfortreder for denne. I store bykommuner med bydelsforvaltning skal kommunestyret utpeke en lege til å utføre de av kommunelegenes oppgaver som angår hele kommunen eller store områder.

Kommunelegen skal

- a) utarbeide forslag til plan for helse- og omsorgstjenestens arbeid med vern mot smittsomme sykdommer, herunder beredskapsplaner og -tiltak, og organisere og lede dette arbeidet,
- b) ha løpende oversikt over de infeksjonsepidemiologiske forholdene i kommunen,
- c) utarbeide forslag til forebyggende tiltak for kommunen,
- d) bistå kommunen, helsepersonell og andre i kommunen som har oppgaver i arbeidet med vern mot smittsomme sykdommer,
- e) gi informasjon, opplysninger og råd til befolkningen om vern mot smittsomme sykdommer,
- f) utføre alle andre oppgaver som følger av loven eller bestemmelser i medhold av loven, og medvirke til effektive tiltak for å forebygge smittsomme sykdommer og motvirke at de blir overført.

Departementet kan i forskrift bestemme at kommunelegen også skal ha andre oppgaver, og herunder angi det nærmere innholdet i de enkelte oppgaver.

Når kommunen har lagt smittevernoppgavene til et interkommunalt organ, jf. § 7-1 sjette ledd, kan kommunestyret delegerer kommunelegens myndighet etter denne lov til en eller flere leger ansatt i dette organet.

Opplysningar til saka

Samfunnsmedisinske tenester omfattar både miljøretta helsevern, samfunnsmedisinsk rådgjeving, folkehelse og smittevern. Desse oppgåvene er i dei fleste kommunar lagt til stillinga som Kommunelege 1 eller Kommuneoverlege. Kommunen hadde kommuneoverlege fram til 01.12.2013. Vi har sidan då ikkje hatt den funksjonen. Samfunnsmedisin utgjer eit fagfelt der det er viktig å sjå heilskapen, ha eit overordna perspektiv og ha oversikt over lover og føreskrifter, samt organisering av helseadministrasjon og styring. Felles for mange kommunar er at dette er eit mykje nedprioritert område i kommunane med minimale ressursar.

Selje kommune har med bakgrunn i dette no ei sak om å inngå ei avtale med Flora kommune om kjøp av desse tenestene. Sjølv om vi inngår ei slik avtale må vi ha ein lege som er kontaktperson innan smittevern.

Allmennlegane har det daglege arbeid med diagnostikk og behandling av personer med infeksjonssjudommar. Fastlegene er, ihht. smittevernloven, tillagt ansvar for informasjon, smittevernveiledning, undersøkelse, drive smitteoppsporing meldingsplikt og evt. varsle Smittevernlegen. Det er svært viktig at ansvarleg smittevernlege har god oversikt over aktuelle kontakter i Mattilsynet, Folkehelseinstituttet og i helseføretaket.

Finansiering

Selje kommune kjøpe tenester med privatpraktiserande legar ved Selje legekontor. Jfr. ASA 4310 pkt.12.5, alternativ godtgjering for kommunalt legearbeid. Ansvar 432, teneste 234, timepris kr 743,00

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune har i dag tre privatpraktiserande legar. Ein har ei deltidstilling 20% som tilsynslege og ein lege har avtale om tilplikta teneste som helsestasjons- og skulelege. Ein lege har ikkje nokon tilplikta teneste. Kommunen skal ha ein lege som har eit hovudansvar innan smittevern og som skal vere kontaktperson dersom vi inngår avtale om kjøpe av desse tenestene med Flora kommune. Erfaring syner at det har vore lite arbeid knytt til smittevern., Vi må ha på plass ein smittevernplan og rutiner og prosedyrer knytt til dette. Dette vil vi no kunne få på plass.

Konklusjon

Selje kommune skal ha ein smittevernansvarleg lege og ein vara

Saksgang

Kommunestyret oppnevner smittevernansvarleg lege og ein vara.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Utan tilråding

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå SP:

Smittevernlege: Den som ikkje har tilplikta noko avtale i dag.

Vara: Den som har tilplikta forhold til skule / helsestasjon.

Røysting:

Framlegg frå SP fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-077/14 VEDTAK

Smittevernlege: Den som ikkje har tilplikta noko avtale i dag.

Vara: Den som har tilplikta forhold til skule / helsestasjon.

Samrøystes.

Utskrift til:

Selje legekantor



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	08.12.2014	016/14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.12.2014	015/14
Formannskapet	11.12.2014	116/14
Kommunestyret	15.12.2014	078/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-G21	12/822

Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	17.07.2014	Bedriftsforeningen Stadlandet	Innspel vedk. nedlegging av Stadlandet legekantor
8	I	28.07.2014	Dragebygg AS	Tilbod på oppgradering av Stadlandet legekantor
9	U	26.08.2014	Formannskapet	Vedk. tilbud om oppgradering - Legekantor Stadlandet
10	I	03.10.2014	Tenesteleiar Heimetenestene	Evaluering - Mellombels nedlegging av Stadlandet legekantor
11	U	28.10.2014	Formannskapet	Orientering vedk. KS sak 034/14 - evalueringsrapport om status knytt til drift av legekantoret
13	U	08.12.2014	Dragebygg AS	Svar vedk. tilbud på oppgradering av Stadlandet legekantor
14	I	10.12.2014	Janne Røkås v/700 underskrifter	Underskriftsliste - Ønske om å beholde legekantoret

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.12.2014	Vedlegg til evaluering	60071
22.10.2014	Evaluering - Mellombels nedlegging av Stadlandet legekantor	60070
05.08.2014	Tilbod på oppgradering av Stadlandet legekantor	57979
04.12.2014	Teikning, dat. 15.07.14	57980
25.11.2014 13:02:48	Teikning - Forslag til enkel ombygging og forbedring av Stadlandet legekantor	60867
02.12.2014	Krav til bygging og innemiljø ved eit offentleg legekantor - Stadlandet legekantor	61077
04.12.2014	Budsjett oppgradering rev 2 -Stadlandet Legekantor.xlsx	61078

04.12.2014	Planteikning A3 PLANTEGNING 1.pdf	61079
10.12.2014 13:35:20	Underskriftsliste - Ønske om å beholde legekantoret	61267
10.12.2014	Underskrifter - 700 personar	61268

Saka gjeld

Evaluering av drift knytt til eitt legekonto i kommunen. Vedtak i Kommunestyre, sak 034/14 den 18.06.2014 med fylgjande ordlyd: «Selje kommune går inn for ei prøveordning med eitt legekantor i perioden 01.08 – 31.12.2014. Dette for å betre kunne ta stilling til om kommunen skal ha eitt eller to legekantor i framtida.

Opplysningar til saka

Vedtaket var delt i to.

Evaluering av drifta ligg til kommunalsjef helse- og omsorg. Oppgradering og utbetring i høve bygningsmessig arbeid for Stadlandet legekantor, er delegert til tenesteleiar for eigeidom å greie ut. Dette ligg ved saka som eigne dokument.

Finansiering

Oppgradering av Stadlandet legekantor for 2 samstundes praktiserande legar, må takast over finansieringsbudsjettet for 2015.

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune har hatt eitt legekantor sidan 18. juli. I starten som fylgje av ferieavvikling i sommarperioden og deretter i tråd med Kommunestyrevedtak. I denne perioden har det vore gjennomført møter mellom ulike aktørar som sjukepleiarar i heimetenesta og alle tilsette ved legekantoret, mellom sakshandsamar og legekantoret. Dagleg leiar ved legekantoret gjekk ut i lengre sjukefråvær tidleg haust. Dette førte til at mykje av arbeidet knytt til samarbeid mellom legekantoret og heimetenesta i høve rutinar gjekk litt i stå.

Sakshandsamar bad tenesteleiar for heimetenesta om og utarbeid ein evalueringsrapport. Denne rapporten er datert 03.10.2014. Konklusjonen i den er mellom anna at prosessen kunne ha vore betre med tanke på informasjon og kommunikasjon. Utfordringa slik dei ser er mest knytt til mangel på rutinar for kven gjer kva, samarbeid, henvisningspraksis og bringing av blodprøver frå Stadlandet til Selje. Elles skisserer dei ulike forslag til løysingar som til dømes korleis ein kan nå lege i kontortida, kven skriv einskildvedtak, betre kommunikasjon via e-meldingssystemet, pasientfylgje til lege og ein etablert arena for samarbeid. Opplysning frå tenesteleiar for heimetenesta pr 04. desember, er at det i mellomperioden ikkje har vore rapportert inn problem eller vore eit tema knytt til det å ha eitt legekantor i kommunen. Det har heller ikkje vore gjennomført felles møter eller vore arbeidd særskilt med rutinar og prosedyrar som skissert i evalueringsrapporten. Endringar er at sjukepleiarane har fått eit eige telefonnummer som dei kan nå legane på. Utfordringa meiner ho er meir knytt til den einskilde lege og oppfølging av pasientar, og at det har lite eller ingen ting å gjere med talle legekantor.

Det er kome inn 5 avvik (august og september). Tre gjelde timebestilling og manglande oppfølging frå lege, og to er knytt til pasientfølgje og blodprøvetaking. Det er ikkje kome inn fleire avvik etter det

Det er gjennomført møte i Samarbeidsutvalet (10.11.14) med legane, og sakshandsamar har hatt møte med tilsette ved legekantoret om lag ein gong i veka. Møta har vore relatert til utfordringar knytt til både fag og dagleg drift av legekantoret. Legane seier det er fagleg trygt

og alltid vere to på vakt og på jobb, og at dei har eit akuttrom med godt utstyr og alt på ein stad. Dei opplever arbeidsdagen som mindre stressande då det er andre legar som kan ta over pasientane dersom det verte ein akutt situasjon ved legekantoret. Det er blitt redusert ventetida for pasientane, ned i 14 dagar. Det er rolegare dagar og færre telefonar pr. arbeidsdag. Dei opplever at det faglege er blitt betre og at dei kan ha meir fokus på «sine listepasientar».

Helsesekretæraner meiner at arbeidsdagen er mykje lik på begge stader. Det dei trekkje fram som positivt er knytt til fasilitetane ved sjølve kontora og at alle legane er på jobb samstundes. Det er gjerne mindre stress og færre telefonar, men likevel mykje «mas». Mange pasientar er glade for å ha fleire dagar å kunne reise til sin fastlege på.

Det negative er at dei har teke imot mykje kritikk frå pasientane fordi det no berre er eitt legekantor, og at dette er noko dei opplever dagleg.

Konklusjon

Selje kommune skal sørgje for at personer som oppheld seg i kommunen skal tilbydast naudsynt allmennlegetenester. Jf. Helse- og omsorgstenestelova §3-1 og §3-2 fyrste ledd. Fastlegeordninga er heimla i lov om helse- og omsorgstenester i kommunen. Det er den lova som forpliktar kommunen til å ha ei fastlegeordning. Sakshandsamar er oppteken av at reiseavstand til lokalt legekantor ikkje skal påføre pasientane unødvendig belastning. Dersom kommunen skal ha eitt legekantor, bør det ligge i Selje sentrum, då kan også innbyggjarane i «søndre» del av kommunen nytte sin fastlege fleire dagar i veka.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune vedtek å halde fram med eitt legekantor, og det i noverande lokale som ligg i Selje sentrum.

Handsaming i Eldrerådet - 08.12.2014

4 voterande

Framlegg frå Eldrerådet:

Eldrerådet vil påpeike at sak 16/14 «Evaluering av eitt legekantor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd. M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.

Eldrerådet vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.

Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

ELD-016/14 VEDTAK

Som framlegget frå Eldrerådet.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.12.2014

3 voterande

Framlegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike at sak 15/14 «Evaluering av eitt legekontor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd. M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.

Rådet vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.

Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Røysting:

Framlegg frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk 3 røyster for. Samrøystes.

RFF-015/14 VEDTAK

Som framlegget frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

6 voterande

Orientering:

Ordførar forlet møtet (permisjon) kl. 15.10 og før saka var ferdig handsama.

Kenneth Brandal leia møtet.

Nytt vedlegg i saka kom inn 10.12.14 . Underskriftsliste for å beholde legekontoret.

Framlegg frå FRP, UAVH; H, KRF:

Som framlegg frå Eldrerådet / Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne med tillegg:

Saka vert difor å ta opp igjen i kommunestyret i februar, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst for og 5 mot.

Framlegg frå FRP, UAVH; H, KRF fekk 5 røyster for og 1 mot.

FS-116/14 FRAMLEGG

Som framlegget frå FRP, UAVH; H, KRF.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-078/14 VEDTAK

Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike at sak 15/14 «Evaluering av eitt legekontor i Selje kommune» ikkje er tilfredsstillande saksutgreidd.

M.a. er fleire av innspela i saka ikkje vurdert.

Råda vil difor tilrå at prøveperioden vert utvida til 29.03.15, veke 13/2015.

Saka vert difor å ta opp att i god tid før prøveperioden er ute, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Saka vert difor å ta opp igjen i kommunestyret i februar, slik at kontoret eventuelt kan opnast 01.04.15.

Samrøystes

Utskrift til:

Legekantoret



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	26.11.2014	095/14
Kommunestyret	15.12.2014	079/14

Sakshandsamar Anita Otneim Hoddevik	Arkiv FE-026	Arkivsak 13/312
--	-----------------	--------------------

Politisk og økonomisk forankring av prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje (EVS)

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.08.2014	Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje	58200
22.08.2014	Interkommunalt samarbeid Nordfjord Selje Vågsøy og Eid.pdf	58478
19.11.2014	Prosjektplan heilskapleg ROS analyse 13 10 14 rev 06 11.pdf	60740
19.11.2014	Prosjektplan Kvalitetslosen 30 09 14 rev 06 11 14.pdf	60741
19.11.2014	Intek samarbeid EVS Rev Budsjett 2014 og B 2015.pdf	60742
19.11.2014	Retningslinjer fornyingsmidlar 2015.pdf	60743

Saka gjeld

Ta stilling til framhald av EVS-prosjektet (Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje), samt finansiering av resterande prosjektperiode. Grunnlag for saka er at prosjektet si opprinnelege form er endra, samt at finansiering ut prosjektperioden må takast stilling til.

Opplysningar til saka

Forstudierapport datert 22.05.14 for EVS-prosjektet var til politisk handsaming i kommunane i juni-14. Positive og likelydande kommunestyrevedtak i EVS-kommunane var ein føresetnad for å kunne søke om fornyingsmidlar hjå Fylkesmannen innan fristen 1. juni-14. Desse midlane utgjør 50% av finansieringa, og ein føresetnad for å kunne gå vidare med prosjektet.

Prosjektorganisering har vore som følgjande:

Prosjektnamn	Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje
Prosjekteigar	Kommunane Eid, Vågsøy og Selje (EVS)
Styringsgruppe	Rådmenn i Eid, Vågsøy og Selje
Prosjektansvarleg (PA)	Rådmann i Selje – Selje er vertskommune for prosjektet
Prosjektleder (PL)	Anita O. Hoddevik
Prosjektgrupper	Leiarar innan aktuelle samarbeidsområde i kommunane
Prosjektet sin startdato og	01.10.13 – 30.09.15

sluttdato	
Prosjektet si totale budsjetttramme	2 millionar kroner – denne ramma er no redusert.
Hovudmål for prosjektet	Auka kvalitet, styrka fagkompetanse og/eller kostnadseffektive løysingar gjennom interkommunalt samarbeid. (Eid, Vågsøy og Selje)

Kommunane gjorde som kjent ulike kommunestyrevedtak i juni, der Vågsøy gjorde eit anna vedtak enn Eid og Selje. Følgjene av dette var at prosjektet ikkje blei tildelt fornyingsmidlar av Fylkesmannen for søknadsrunden 1. juni-14. Som følge av brev frå prosjektansvarleg (rådmann i Selje) til rådmenn i Eid og Vågsøy datert 12.08.14, har styringsgruppa jobba med ulike alternativ for framhald av prosjektet via styringsgruppemøter 01.08, 25.09, 02.10 og 15.10. Det ligg føre svar frå rådmann i Vågsøy datert 22.09.14 vedkomande framhald av EVS-prosjektet. Ordførarane i Eid og Selje sende 22.08.14 skriv til ordførar i Vågsøy, vedkomande dekking av manglande finansiering etter vedtak i Vågsøy kommunestyre i juni-14.

25.09.14 gjorde styringsgruppa vedtak om å halde fram EVS-prosjektet ved å etablere to prosjekt:

- Heilskapleg ROS-analyse for EVS-kommunane.
- Implementering av Kvalitetslosen for Selje og Vågsøy med Eid som referanse.

Målsetting for prosjektet Heilskapleg ROS-analyse er å utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som er sektorovergripande for kommunane Eid, Vågsøy og Selje. Med heilskapleg ROS-analyse som grunnlag skal prosjektgruppa utarbeide forslag til plan for oppfølging for kommunane sitt arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap. Heilskapleg ROS-analyse for kommunane skal støtte krav i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).

Målsetting for prosjektet Kvalitetslosen er å implementere og ta i dagleg bruk Kvalitetslosen som kvalitetssystem for aktuelle tenesteområde i kommunane Selje og Vågsøy. I Selje kommune er heile organisasjonen omfatta av prosjektet. I Vågsøy er tenesteområda økonomi, lønn, sørvis, skule og kultur omfatta av prosjektet. I dette prosjektarbeidet vil ein gjere seg nytte av Eid sin kunnskap og praksis på området, og bruke kommunen som referanse.

Prosjektplanar for prosjekta er utarbeidd og handsama av styringsgruppa 2. og 15. oktober. Det har vore gjennomført oppstartsmøter for prosjekta 10. og 12. november.

Finansiering

Finansiering av Fylkesmannen sin del av EVS-prosjektet har vore jobba med på styringsgruppemøta, og i samband med dette har Selje sendt over revidert budsjett 2014 samt forslag budsjett 2015 for EVS-prosjektet til kommunane.

Revidert budsjett 2014 EVS (utan tilskot frå Fylkesmannen):

Utgangspunkt for dette har vore å få ned utgiftene mest mogeleg, samt nytte same fordelingsnøkkel som tidlegare (Eid 2/5, Vågsøy 2/5 og Selje 1/5). Dei viktigaste endringane er:

Kutt i driftsutgifter art 11000 – 12701:	kr. 73.000
Sjukelønsrefusjon er lagt inn:	kr. 45.000
Tildelte midlar frå Fylkesmannen 2013 (fond):	kr. 170.000

Eigendelen frå kommunane vert då auka frå kr. 449.000 til kr. 610.000. Med same fordelingsnøkkel som i prosjektmandat gjev dette følgjande utgiftsfordeling i 2014:

<i>Kommune</i>	<i>Reviderte tal 2014</i>	<i>Tal før rev. 2014</i>	<i>Tal i prosjektmandat</i>
Vågsøy	244 000	180 000	200 000
Eid	244 000	180 000	200 000
Selje	122 000	90 000	100 000

Tabell 1

Refusjonskrav til Eid og Vågsøy vert sendt etter avlagt rekneskap 2014.

Budsjett 2015 EVS - fordelingsnøkkel jamfør prosjektmandat utan tilskot frå Fylkesmannen:

<i>Kommune</i>	<i>Rev. budsjettal 2015</i>	<i>Avsett eigendel i prosjektmandat</i>
Vågsøy 2/5	246 000	100 000
Eid 2/5	246 000	100 000
Selje 1/5	123 000	50 000

Tabell 2

Budsjett 2015 EVS - endra fordelingsnøkkel jamfør styringsgruppevedtak 12.11.14 utan tilskot frå Fylkesmannen:

<i>Kommune</i>	<i>Rev. budsjettal 2015</i>	<i>Avsett eigendel i prosjektmandat</i>
Vågsøy 2/5	246 000	100 000
Eid 3/10	184 500	100 000
Selje 3/10	184 500	50 000

Tabell 3

Jamfør tabell 3 har styringsgruppa (rådmenn i EVS) forslag om endra fordelingsnøkkel for EVS-prosjektet for 2015. Grunnlag for dette er at Eid ikkje direkte har nytte av Kvalitetslos-prosjektet, samt at Selje og Vågsøy har nytte av begge prosjekta: Eid og Selje delar difor likt sine delar (2/5+1/5), medan Vågsøy tek 2/5 av kostnader jf. tidlegare fordelingsnøkkel. Fordelingsnøkkel for 2015 blir: Eid 3/10, Selje 3/10 og Vågsøy 2/5 av kommunane sin eigendel av prosjektkostnaden.

I tillegg er planen å søke om fornyingsmidlar i 2015 for EVS-prosjektet. SIS-kommunane (Flora, Førde, Gaular, Naustdal og Jølster) har nettopp gjennomført felles heilskapleg ROS-analyse som interkommunalt samarbeid. Felles heilskapleg ROS-analyse vart vedteken i juni 2014, og SIS-kommunane fekk tildelt kr. 500 000 i fornyingsmidlar til prosjektet. Søknadsfristen for fornyingsmidlar er 1. mars i 2015. Retningslinjer for fornyingsmidlar 2015 er vedlagt. Prosjektplanar for dei to aktuelle prosjekta, Heilskapleg ROS-analyse EVS og Implementering av KValitetslosen, er oversendt Fylkesmannen til vurdering. Etter sondering hjå Fylkesmannen med omsyn til tildeling av fornyingsmidlar til prosjekta i 2015 vert det opplyst at *styringssystem* (Kvalitetslosen) og *samfunnstryggleik* (Heilskapleg ROS-analyse) går inn under *Samfunnsutvikling og lokaldemokrati* (pkt.3 i retningslinjer), og at dei gjerne tek imot søknader på dei aktuelle prosjekta.

Lover/regelverk

Kommunelov.

Prosjektmandat datert 31.10.2013

Sakshandsamar si vurdering

Like kommunestyrevedtak er som kjent ein føresetnad for å gå vidare med EVS-prosjektet. Prosjektet si opprinnelege form er endra mellom anna fordi det no ikkje er tale om å etablere

organisatoriske samarbeidsløysingar for kommunane. På ei anna side vil dei to nye prosjekta etablere eit berekraftig fagmiljø (også tverrfagleg) innan beredskap- og kvalitetsarbeid som vil gjere kommunane mindre sårbare, samt bidra til auka kompetanse blant medarbeidarane. Særskilt innan beredskap har EVS-kommunane eit forbettringspotensial. Dette er også påpeika av Fylkesmannen. Prosjekta vil truleg også bidra til heva kvalitet, samt reduserte gjennomsnittskostnadar enn om kommunane gjennomfører dette arbeidet kvar for seg. Desse momenta rommar store delar av hovudmålsetting for EVS-prosjektet. I tillegg oppmodar regelverket på desse områda kommunane til å samarbeide.

I høve til prosessane i samband med ny kommunereform vil dei to prosjekta knyte dei tre kommunane nærare saman, samt vere i samsvar med retningslinjer for tildeling av fornyingsmidlar, lokaldemokrati og samfunnsutvikling, prioriterte område for fornyingsmidlar 2015.

Styringsgruppa har hatt og har eit konstruktivt samarbeid og syn på EVS-prosjektet. I dette ligg at rådmenna ynskjer å sette i verk felles viktige prosjekt for kommunane i den resterande prosjektperioden innanfor hovudmålsettinga for prosjektet som er: «Auka kvalitet, styrka fagkompetanse og/eller kostnadseffektive løysingar gjennom interkommunalt samarbeid for kommunane.» Saka blir no lagt fram for politisk handsaming for å få på plass finansiering av gap mellom avsette midlar og revidert budsjett.

Finansiering:

Kommunane må ta stilling til restfinansiering for 2014 og 2015 (*til oktober-15*). Dette vil utgjere kr. 44 000 for Eid og Vågsøy, samt kr. 22 000 for Selje i 2014 sjå tabell 1. Får kommunane tildelt til dømes kr. 400 000 i fornyingsmidlar for 2015 vil avsett eigendel til kommunane i 2015 jf. prosjektmandat, samt tilskot frå FM dekke prosjektkostnadane utan ekstra finansiering. Det er og brakt på det reine at prosjekta er innanfor retningslinjer for tildeling av fornyingsmidlar for 2015. Utan tilskot frå Fylkesmannen til EVS-prosjektet vil restfinansiering for 2015 utgjere (kjem i tillegg til avsett eigendel): kr. 146 000 for Vågsøy, kr. 84 500 for Eid, samt kr. 134 500 for Selje. Desse beløpa er i tråd med framlegg frå styringsgruppa 12.11.14 til endra fordelingsnøkkel for EVS-prosjektet sjå tabell 3.

Alternativet til å halde fram EVS-prosjektet er at det vert avslutta, og at ein kommune tek over arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiar ut prosjektperioden, med dertil matchande arbeidsoppgåver.

Politisk forankring av endra EVS-prosjekt:

Prosjektet Heilskapleg ROS-analyse er avhengig av politisk forankring i kommunane for å kunne gjennomførast, mellom anna fordi prosjektet vil legge føringar for kommunane sine beredskapsplanar. Det er viktig med god administrativ og politisk forankring av prosjektet for å sikre eigarskap til gjennomføring, resultat og oppfølging av ROS-analysen. I følge utarbeidd prosjektplan er forankring av prosjektet i kommunestyre og beredskapsråd ein viktig del av forarbeid til prosjektet.

Prosjektet Implementering av Kvalitetslosen omhandlar å ta i bruk eit eksisterande administrativt kvalitetsprogram på tenestemråde som ikkje er komne i gang etter fyrste innføring av programmet (gjeld Selje og Vågsøy). Tillitsvalde er med i prosjektet. Etter prosjektleiar sitt syn er dette ei administrativ sak når det gjeld gjennomføring, dersom finansiering er på plass.

Konklusjon

Kommunane sluttar seg til styringsgruppa sine føringar for framhald av EVS-prosjektet. Likelydande vedtak i kommunestyra er ein føresetnad for å gå vidare med samarbeidsprosjektet.

Saksgang

Formannskapa tilrår saka for kommunestyra som gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje (EVS) vert å vidareføre som to prosjekt:

- Heilskapleg ROS-analyse for EVS-kommunane.
- Implementering av Kvalitetslosen for Selje og Vågsøy med Eid som referanse.

Framlegg til prosjektplanar vert lagt til grunn for prosjekta.

Finansiering:

For 2014 vert tilleggløyving på kr. 44 000 for Eid og Vågsøy, samt kr. 22 000 for Selje lagt til grunn. Refusjonskrav frå Selje til Eid og Vågsøy vert sendt etter avlagt rekneskap 2014.

For 2015 føreset ein tildeling av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen slik at kommunane i utgangspunktet ikkje set av midlar utover avsett eigendel på kr. 250 000 til saman. Etter ny fordelingsnøkkel vil eigendel utgjere kr. 100 000 for Vågsøy og kr. 75 000 for Eid og Selje.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-095/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Representanten Svein Hansen fekk permisjon kl. 16.50, før røysting i saka. Dagfinn Kvamme møtte som vara.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 13 røyster for og 4 mot.

KS-079/14 VEDTAK

Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje (EVS) vert å vidareføre som to prosjekt:

- Heilskapleg ROS-analyse for EVS-kommunane.
- Implementering av Kvalitetslosen for Selje og Vågsøy med Eid som referanse.

Framlegg til prosjektplanar vert lagt til grunn for prosjekta.

Finansiering:

For 2014 vert tilleggsøyving på kr. 44 000 for Eid og Vågsøy, samt kr. 22 000 for Selje lagt til grunn. Refusjonskrav frå Selje til Eid og Vågsøy vert sendt etter avlagt rekneskap 2014.

For 2015 føreset ein tildeling av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen slik at kommunane i utgangspunktet ikkje set av midlar utover avsett eigendel på kr. 250 000 til saman. Etter ny fordelingsnøkkel vil eigendel utgjere kr. 100 000 for Vågsøy og kr. 75 000 for Eid og Selje.

Utskrift til:

Rådmann

Vågsøy kommune

Eid kommune



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	26.11.2014	017/14
Kommunestyret	15.12.2014	080/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Margunn Åhjem Myklebost	FE-456	12/1026

Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune - revidering

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	S	20.11.2013		Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune - endring/revidering

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.11.2013	Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune - endring/revidering	50632
19.10.2012	Seniorpolitiske tiltak	39576
19.11.2014	Kommunestyresak PS 007/03 - møte 04.03.03	39897

Saka gjeld

Revidering av seniorpolitiske tiltak i Selje kommune – vedteke i K-styret 16.12.2013 – Sak 074/13.

Opplysningar til saka

Kommunen har hatt seniorpolitiske tiltak heilt tilbake til 2003. I sak PS 007/03 var vedtaket formulert slik: «Heilt arbeidsaktiv i si stilling ved fylte 62 år kr. 5.000,- lagt til vedkommande si årslån justert pr. år fram til fylte 67 år. Fyrste tillegg når vedkommande har fylt 62 år justert pr. påfylgjande månad. Beløpet er ikkje regulert i forhold til stillingsstorleik».

Saka om seniorpolitiske tiltak vart teke opp på nytt i KS- sak 075/12 og var til revidering i KS-sak 074/13.

Viser til vedlagt sak «Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune – endring/revidering .

I vedtaket er det sagt at ordninga seniorpolitiske tiltak skal reviderast november 2014.

Lover/regelverk

Hovedtariffavtalen Kap. 2, pkt 2.2, Folketrygdlova og Arbeidsmiljølova

Finansiering

Finansierast innanfor det tenesteområdet/ansvarsområdet som personane f.t. har sitt tilsetjingsforhold.

Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar sende førespurnad til tenesteleiarar med personalansvar den 6.11.14 der vi bad om tilbakemelding på om seniorpolitiske tiltak har hatt noko innverknad på om tilsette har stått lenger i jobb etter fylte 62 år. Bad også om tilbakemelding på korleis ekstra fridagar har vore praktisert og nytta.

Og til slutt kor mykje dette har ført til av ekstra kostnader for tenesteeiningane.

Svara som vi har fått tilbake viser at ordninga har liten innverknad på om tilsette står lenger i arbeid eller ikkje. I pleie og omsorg må ein i dei aller fleste tilfelle ha inn ein vikar når tilsette tek ut fridagar. Samla ekstra kostnader for einingane varierer, men der det er mange i denne aldersgruppa t.d. i heimetenesta kan utgiftene utgjere så mykje som 100.000,- kroner ekstra i løpet av eit år.

Men det kjem også fram at seniorsamtalene som leiar har med sine tilsette er viktig for å kartlegge behovet for den tilsette etter fylte 62 år.

Vi har også eit punkt i KS sak 075/12 som lyder:

Rådmannen får delegert fullmakt til å føre forhandlingar og inngå senioravtaler.

Slik sakshandsamar vurderer dei tilbakemelding som er kome frå tenesteleiarane har ikkje ordninga fungert fullt ut slik vi hadde tenkt då den vart innført:

Å få tilsette til å stå lenger i arbeid for å kunne skaffe nok arbeidskraft i tida som kjem.

Vi har mange tilsette som i dei næraste åra vil vere i denne aldersgruppa (over 62 år) og avgangen av arbeidstakarar vil bli vesentleg større enn den er i dag. Dette viser statistikkar over alderssammensetninga i vår organisasjon.

Utgiftene til seniorpolitiske tiltak vil difor auke i åra framover dersom vi held fram med tilsvarande ordning som den vi har i dag.

Vi ønskjer å endre ordninga med seniorpolitiske tiltak slik at tilsette med forholdsmessig store stillingsprosentar får ta del i desse godene.

Saksgang

Handsaming i Administrasjonsutvalet.

Saka går vidare til kommunestyret som gjer endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Viser til saksutgreiinga og sakshandsamar kjem med følgjande tilråding:

1. Senior- og medarbeidersamtaler gjennomførast første gang ved fylte 58 år der ein kartlegg behov.

2. Frå fylte 62 år til 70 år – kr. 5000,- tillagt årslønna i 100% stilling. Tilsette i deltidsstillingar får beløpet redusert tilsvarande. Tilsette med 49% stilling og mindre vert ikkje tildelt dette gode.
3. Tilsette med meir enn 60% stilling får tilbod om ekstra fridagar slik: Mellom 100% og 80% stilling -5 dagar, mellom 80% og 60% stilling -3 dagar og mellom 60% og 50% stilling – 2 dagar.
4. Rådmannen får delegert fullmakt til å føre forhandlingar og inngå senioravtaler på følgjande grunnlag:
 - Arbeidsgjevar må gjere ei vurdering om delpensjon kan innvilgast for tilsette i leiarstillingar. I dei høve dette kan innvilgast skal regelverket i hovedtariffavtalen følgjast og det vert gjort lokal individuell avtale om innhald og løn i resterande stilling. Her skal det takast omsyn til arbeidstakar sin kompetanse og arbeidsgjevar sine behov. Det er ingen krav om at det skal opprettast ny stilling, men at ein kan gå inn i stillingar som på det gjeve tidspunkt er ledige i organisasjonen.
 -

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 26.11.2014

10 voterande

Orientering - Korrigerings i tilråding v/sakshandsamar::

I pkt. 3 fyrste linje skal 60% endrast til 50 % og lyde slik:

Tilsette med meir enn 50% stilling får tilbod om ekstra fridagar slik:...

Framlegg frå Administrasjonsutvalet:

Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune har ikkje fungert etter intensjonen med å få eldre arbeidstakarar til å stå lenger i arbeid.

Det viser seg at det har vore ei dyr ordning for kommunen for å utvikariere ekstra fridagar.

Selje kommune avviklar seniorpolitiske tiltak frå 01.01.15.

1. Selje kommune gjennomfører seniorsamtaler første gang ved fylte 58 år der ein kartlegg behov.
2. Rådmannen får delegert fullmakt til å føre forhandlingar og inngå senioravtaler på følgjande grunnlag:
 - Arbeidsgjevar må gjere ei vurdering om delpensjon kan innvilgast for tilsette i leiarstillingar. I dei høve dette kan innvilgast skal regelverket i hovedtariffavtalen følgjast og det vert gjort lokal individuell avtale om innhald og løn i resterande stilling. Her skal det takast omsyn til arbeidstakar sin kompetanse og arbeidsgjevar sine behov. Det er ingen krav om at det skal opprettast ny stilling, men at ein kan gå inn i stillingar som på det gjeve tidspunkt er ledige i organisasjonen.
 -

Dette innarbeidast i Selje kommune sitt Personalreglement og skal gjelde frå 01.01.15.

Røysting:

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 10 røyster for. Samrøystes.

ADM-017/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga framlegget frå Administrasjonsutvalet.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 17 røyster for.

KS-080/14 VEDTAK

Seniorpolitiske tiltak i Selje kommune har ikkje fungert etter intensjonen med å få eldre arbeidstakarar til å stå lenger i arbeid.

Det viser seg at det har vore ei dyr ordning for kommunen for å utvikariere ekstra fridagar.

Selje kommune avviklar seniorpolitiske tiltak frå 01.01.15.

3. Selje kommune gjennomfører seniorsamtaler første gang ved fylte 58 år der ein kartlegg behov.
4. Rådmannen får delegert fullmakt til å føre forhandlingar og inngå senioravtaler på følgjande grunnlag:
 - Arbeidsgjevar må gjere ei vurdering om delpensjon kan innvilgast for tilsette i leiarstillingar. I dei høve dette kan innvilgast skal regelverket i hovedtariffavtalen følgjast og det vert gjort lokal individuell avtale om innhald og løn i resterande stilling. Her skal det takast omsyn til arbeidstakar sin kompetanse og arbeidsgjevar sine behov. Det er ingen krav om at det skal opprettast ny stilling, men at ein kan gå inn i stillingar som på det gjeve tidspunkt er ledige i organisasjonen.

•
Dette innarbeidast i Selje kommune sitt Personalreglement og skal gjelde frå 01.01.15.

Samrøystes

Utskrift til:

Tilsette



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	13.11.2014	046/14
Kommunestyret	15.12.2014	081/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FE-233, FA-Q80	14/547

Trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK) 2015

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	05.10.2014	Statens vegvesen Region vest	Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2015 - orientering
3	U	27.11.2014	Statens vegvesen - Region Vest	Trafikktryggingstiltak i kommunane, TIK-2015, Søknad om tilskot

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.10.2014	Kart, p-plass, Flatraket-KU-sak.pdf	60181
29.10.2014	Kart-gs-veg, Flatraket.søkn.+Ku-sak.pdf	60183

Saka gjeld

Søknad om TIK-midlar for 2015.

(TIK = Trafikktryggingstiltak i kommunane.)

I orienteringsskriv av 1.10.14 frå Vegvesenet går ma. fram at maksimalt tilskot er 75%, og at kommunen må finansiere resten.

Vidare er det no eit krav om at dersom det vert søkt om fleire tiltak, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Opplysningar til saka

For inneverande år søkte Selje kommune om tilskot til fylgjande prosjekt:

- Veglys, Hammersvik – Bortne
- Parkeringsplass, v/Flatraket skule.

Det vart innvilga tilskot berre til veglysanlegget.

Grunngevinga var at det ikkje var meir tilgjengelege midlar.

Finansiering

75% tilskot frå Fylkeskommunen, 25 % kommunal eigenandel avsett på inv.budsjettet.

Sakshandsamar si vurdering og konklusjon

I vedteken trafikktryggingsplan er bygging av gang- og sykkelveg frå skulen og sørover mot Gangeskar, prioritert som TIK-tiltak for 2015.

I og med at eit av tiltaka som vart søkt om i 2014, ikkje fekk tildelt midlar, tilrår sakshandsamar at dette prosjektet vert prioritert og søkt om nye midlar til for 2015.

I praksis betyr dette at tiltaket prioritert i trafikktryggingsplanen for 2015 vert å forskyve til 2016.

I tillegg tilrår ein, når ein fyrst er på Flatraket med asfalteringsutstyr, at det vert søkt om midlar til fast dekke på del av nyleg opparbeidd gang-og sykkelveg på Flatraket. Dette er eit tidlegare Aksjon skuleveg-prosjekt som det ikkje vart prioritert fast dekke på då dei vart bygde. Det vart då prioritert å heller bygge mest mogeleg veg.

Det er utarbeidd nytt kostnadsoverslag som omfattar fullføring av parkeringsplassen på Flatraket, ikkje berre 1. etappe slik det var tenkt i 2014.

Det vert gjort framlegg om slik prioritering:

1. P-plass, Flatraket skule, kostnad:	kr. 500.000
2. <u>Asfaltering nyleg bygd gang-og sykkelveg Flatraket,kostnad:</u>	<u>kr. 60.000</u>
<u>Samla søknadssum, eks. mva</u>	<u>kr. 560.000</u>

Saksgang

Tilråding i Driftsutvalet, og endeleg vedtak i Formannskapet.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune søker med dette om kr. 420.000 i tilskot frå TIK-midlane for 2015.

Tiltaka vert å prioritere slik det går fram av saksutgreiinga.

Nødvendige kommunal eigendel, kr. 140.000,- vert å avsette på investeringsbudsjettet.

Opprinneleg prioritert tiltak for 2015 i trafikktryggingsplanen vert å forskyve til 2016

Handsaming i Driftsutvalet - 13.11.2014

6 voterande

Saksgang

Saka går til Kommunestyret.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

KU-046/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-081/14 VEDTAK

Selje kommune søker med dette om kr. 420.000 i tilskot frå TIK-midlane for 2015.

Tiltaka vert å prioritere slik det går fram av saksutgreiinga.

Nødvendige kommunal eigendel, kr. 140.000,- vert å avsette på investeringsbudsjettet.

Opprinneleg prioritert tiltak for 2015 i trafikktryggingsplanen vert å forskyve til 2016

Samrøystes

Utskrift til:

Statens vegvesen – Region Vest

Rådmann

Økonomisjef

Revisor



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	111/14
Kommunestyret	15.12.2014	082/14

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FE-233, FA-C00	Arkivsak 14/422
-----------------------------	-------------------------	--------------------

Spelemidler 2015 - Prioritering av søknader

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	30.11.2014	Ann-Kathrin Ervik	Prioritering søknadar 2015

Saka gjeld

Kommunen skal årleg gjere vedtak om prioritering av søknadar om spelemidler. Dette skal gjerast etter tilråding frå idrettsrådet i kommunen.

Opplysningar til saka

Selje Idrettsråd har gjort denne prioriteringa av innkomne søknadar:

- 1: Klatrepark
- 2: Rehabilitering av ballbinge
- 3: Garasje/lager

Alle søknadane er levert av Selje Idrettslag.

Då det syner seg at Selje IL likevel ikkje leverer søknad på «Garasje/lager», blir det dei to første søknadane som skal prioriterast.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune gjer slik prioritering av søknadar om spelemidlar for søknad 2015:

- 1: Klatrepark
- 2: Rehabilitering av ballbinge

Begge søknadar frå Selje Idrettslag.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-111/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-082/14 VEDTAK

Selje kommune gjer slik prioritering av søknadar om spelemidlar for søknad 2015:

- 1: Klatrepark
- 2: Rehabilitering av ballbinge

Begge søknadar frå Selje Idrettslag.

Samrøystes

Utskrift til:

Idrettsrådet

Sogn og Fjordane Idrettskrins



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	110/14
Kommunestyret	15.12.2014	083/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FE-143, FA-C22	14/455

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - Revisjon handlingsprogram 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	08.08.2014	Anita Otneim Hoddevik	Kommunedelplan for Selje kommune
2	I	15.08.2014	Stig Ødegård	Prioritert handlingsprogram

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.12.2014	Handlingsprogram des 14.doc	61111

Saka gjeld

Kommunen må årleg rullere handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – for at søkjarar frå kommunen kan levere søknadar om spelemidlar. Det føreligg ingen søknadar om kommunal medfinansiering.

Opplysningar til saka

Framlegg til rullert handlingprogram for søknadsrunde 2015 ligg som vedlegg i saka. Her er aktuelle tiltak tekne inn.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret gjer vedtak om rullert handlingsprogram slik det ligg føre .

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-110/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voternde

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-083/14 VEDTAK

Kommunestyret gjer vedtak om rullert handlingsprogram slik det ligg føre .

Samrøystes

Utskrift til:

Idrettsrådet

Sogn og Fjordane Idrettskrins



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.12.2014	115/14
Kommunestyret	15.12.2014	084/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	FE-024	14/342

Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	S	15.09.2014		Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
10	I	19.09.2014	Nordfjordreådet v/sekretær	Presentasjonar felles formannskapsmøte Nordfjordeid 11.09.2014
8	I	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016
7	U	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Melding om handsama sak - Ny kommunereform - Strategi
9	I	10.10.2014	KS - Sogn og Fjordane	Kommunereforma - ressursgrupper i forhold til oppgåver
11	U	23.10.2014	Dei som skal ha utskrift	Utskrift sak 067/14 Felles Formannskapsmøte - Ny kommunereform - Endra kommunestruktur
12	I	31.10.2014	Eid kommune	Vedtak i Eid kommune om Kommunereforma - vidare prosess
13	I	10.11.2014	Ordførar Ottar Nygård	Møte i Vågsøy 12.11.14 - Kommunereforma
14	I	27.11.2014	Ordfører i Vågsøy Morten Hagen	Møtereferat 12.11.2014 - Framtidig kommunestruktur

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.12.2014	Kommunereforma - Mandat_Nordfjord_ versjon02.docx	61176

Mandat – Kommunereform i Nordfjord (utkast pr 2. desember 2014)

Saka gjeld

Mandat for felles utgreiing av ny kommunestruktur.

Opplysningar til saka

Nordfjorrådet hadde på sitt møte 02.12.2014 opp ei sak om kommunereforma og mandat for utgreiingsarbeidet. Drøftingane i rådet gjekk på korleis ulike utgreiingar skulle organiserast og gjennomførast, og Nordfjorrådet sin rolle i dette arbeidet. Det var ulikt syn på dette i rådet. Dette skuldast m.a. vedtak i einskilde kommunar som gjorde det vanskeleg å ta stilling til rådet sin rolle. Eit framlegg til mandat for arbeidet låg ved saka, men vart ikkje realitetshandsama fordi einskilde kommunar ønska å ta det opp i kommunestyret og forankre eller forkaste mandatet der. Det vart derfor semje om at alle kommunane tok saka om mandat opp i kommunestyra så raskt som mogeleg.

Lover/regelverk

Finansiering

Kommunane kan søkje fylkesmannen om tilskot frå skjønnsmidlane for 2015 til utgreiingsarbeidet. Frist for slike søknader er 01.03.2015. Nordfjorrådet har og ein del midlar som kan nyttast inn i dette arbeidet dersom det vert semje i rådet om dette.

Sakshandsamar si vurdering

Vi bør vere oppteken av å få ein mest mogeleg ryddig struktur på utgreiingsarbeidet og at vi kjem i gang raskast råd.

Innafor utkastet til mandat som låg føre på møtet i Nordfjorrådet så er det under pkt 3 skissert fleire ulike modellar på ny kommunestruktur. Skal Nordfjorrådet kunne stå samla bak ei utgreiing så må det i mandatet ligge inne ønskt struktur frå alle kommunane. Slik mandatet er innretta så er dette også tilfelle. Nedst i pkt 3 går det fram at: *Innafor kvar av hovudmodellane kan ein opne for at tilgrensande kommunar kan vere ein del av den nye regionen dersom dei ønskjer å delta på ei slik utgreiing, t d Vanylven og Bremanger – jmf pkt 2 over. Dette må avklarast før utgreiingsarbeidet startar.*

Når det gjeld korleis utgreiingsarbeidet skal utførast så er det nødvendig å gjere dette ved bruk av ekstern kompetanse og ikkje ved bruk av ein administrativ ressurs i ein av kommunane. Her må alle ha tillit til det arbeidet som vert gjort og det oppnår ein best ved å ikkje overlate arbeidet gjennom ein av kommunane.

Ordføraren sitt innspel til Nordfjorrådet var at her bør rådet ta eit overordna ansvar for å få utgreia dei ulike modellane og at vi bør tilsette **ein** prosjektleiar som får ansvaret for å utgreie desse. Dette i staden for at vi skal ha **ein** prosjektleiar for kvar av modellane.

Det er viktig at kommunestyret no gjer nødvendig framdrift mogeleg ved å vedta framlegget til mandat som no ligg føre. Ei eventuell endring i mandatet frå ein eller fleire av dei andre kommunane, men som likevel ikkje medfører at det på nokon måte går ut over det vi ynskjer utgreidd, bør vi handsame berre som ei referatsak for kommunestyret for ikkje å seinke prosessen ytterlegare.

Konklusjon

Kommunestyret godkjenner «Mandat – Kommunereform i Nordfjord» slik det ligg føre. Ei eventuell endring i mandatet frå ein eller fleire av dei andre kommunane, men som likevel ikkje medfører at det på nokon måte går ut over det kommunestyret ynskjer utgreidd, blir å handsame som referatsak for kommunestyret.

Saksgang

Kommunestyret avgjer saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret godkjenner «Mandat – Kommunereform i Nordfjord» slik det ligg føre. Ei eventuell endring i mandatet frå ein eller fleire av dei andre kommunane, men som likevel ikkje medfører at det på nokon måte går ut over det kommunestyret ynskjer utgreidd, blir å handsame som referatsak for kommunestyret.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå ordførar / administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-115/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå ordførar / administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-084/14 VEDTAK

Kommunestyret godkjenner «Mandat – Kommunereform i Nordfjord» slik det ligg føre. Ei eventuell endring i mandatet frå ein eller fleire av dei andre kommunane, men som likevel ikkje medfører at det på nokon måte går ut over det kommunestyret ynskjer utgreidd, blir å handsame som referatsak for kommunestyret.

Samrøystes

Utskrift til:
Nordfjorderådet
Kommunane i Nordfjord



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	13.11.2014	047/14
Formannskapet	26.11.2014	096/14
Formannskapet	11.12.2014	117/14
Kommunestyret	15.12.2014	085/14

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FA-B12	Arkivsak 12/1111
-----------------------------	-----------------	---------------------

Forskrift skulekrinsar - Høyring

Saka gjeld

Etter vedtak i kommunestyret i K-sak 16/14, skal det arbeidast vidare med ny forskrift for skulekrinsar i Selje kommune. Driftsutvalet skal sende saka ut til høyring før eventuelt vedtak. Om endring av denne forskrifta.

Opplysningar til saka

Kommunestyret gjorde i K-sak 016/14 vedtak om oppstart av arbeid med ny forskrift for skulekrinsar i løpet av 2014. Vedtaket seier at målet er verknad frå og med skuleåret 2015/2016. Vedtaket vart gjort etter at framlegg om dette vart reist av Driftsutvalet. Driftsutvalet tok utgangspunkt i omstillingsrapporten frå oppvekstgruppa som vart levert i januar 2014 – der det er lista opp ei rekkje alternative tiltak som kan føre til endring i gjeldande forskrift for skulekrinsar i kommunen. Gjeldande forskrift for skulekrinsar i Selje kommune vart vedteken av kommunestyret i februar 2014 (K-sak 10/14).

Den økonomiske situasjonen som teiknar seg for 2015 og åra framover, tilseier kraftige reduksjonar i tenestetilbodet til innbyggjarane i Selje kommune. Det er eit faktum at reduksjonane ikkje lenger kan gjerast som sokalla osthøvling i eksisterande drift. Dette har vore gjort fleire år på rad, noko som gjer at vi i dag har marginale ressursar til drift på dei einskilde einingane.

Fylkesmannen sa i eit møte med kommunestyret i Selje den 22. oktober 2014 at det må strukturendringar til i Selje kommune. Fylkesmannen sa vidare at evt. strukturendringar må gjerast ut frå faglege og/eller økonomiske vurderingar. Fylkesmannen uttrykte at Selje måtte redusere utgiftene og/eller auke inntektene. Formannskapet har vedteke at målet skal nåast med utgiftsreduksjonar åleine.

Omstillingsgruppa for Oppvekst leverte i januar 2014 ein rapport med tilråding basert på ei fagleg vurdering. I denne rapporten seier gruppa at vi bør ha tre skular i åra som kjem. Sjølv om Flatraket skule var med i vurderinga i endringa av kringsgrensene for eit år sidan, kom gruppa for oppvekst til ei

fagleg vurdering av at denne skulen bør oppretthaldast. Gruppa peikar på ei samordning av mellomtrinna og ungdomstrinna på Selje skule og Stadlandet skule som tilrådde alternativ for omorganisering og strukturendring. (sjå utdrag frå rapporten).

Opplysningane og vurderingane frå omstillingsgruppa har endra seg lite på eit år. Difor vil dei same vurderingane ligge til grunn for denne saksutgreiinga.

Ser ein på dei økonomiske effektane av fagleg tilrådde tiltak og tiltak gruppa ikkje tilrår, ser vi at det er i den siste oppstillinga det er størst innsparingspotensiale reint økonomisk – altså dei tiltaka gruppa *ikkje* vil tilrå av faglege vurderingar.

Fylkesmannen peika på at det no særleg er *økonomiske* vurderingar som må ligge til grunn for strukturelle tiltak. Rådmann må diverre difor sette dei faglege vurderingane til side til fordel for dei reint økonomiske. Dette betyr m.a. at rådmann må tilrå nedlegging av Flatraket skule sjølv om dette vil føre til lågare kvalitet på tilbodet samla sett.

Nedlegging av Flatraket skule

Rapporten frå omstillingsgruppa for Oppvekst peikar på ei rekkje spørsmål knytt til nedlegging av Flatraket skule. Flatraket skule vil ha eit relativt stabilt elevtal i åra som kjem. Skulen er har i dag ei god utvikling under kyndig leiing. Når omstillingsutvalet i rapporten ikkje vil tilrå nedlegging av denne skulen, er det fleire moment som blir trekt fram i tillegg til overnemnde kvalitets-stempel: Nærleiken til skule i Vågsøy. Tankar om privatskule. Begge desse alternativa vil bety null innsparing for Selje kommune ved ei nedlegging. Trekk i overføringane ved privatskule og storleiken på gjesteelevkostnaden er store. Omstillingsgruppa syner også til reiseavstanden som blir relativt stor for dei minste borna. Utgifter knytt til born med særskilde behov vil bli dei same uansett kvar borna går på skule. Oppseiing av lærarar når kommunen om få år vil strå over for eit rekrutteringsbehov av lærarar, er eit anna viktig dilemma. I ein oppseiingsprosess, er det dei yngste lærarane som må gå: kva betyr dette for ei kommune med synkande folketal?

Den økonomiske stoda tvingar imidlertid rådmann til å gjere framlegg som ikkje er *fagleg* begrunna.

Samordning av trinn

Med Flatraket skule lagt ned, vert det svært lang skuleveg frå Flatraket til Stadlandet skule ved ei evt. framtidig samordning av trinna. Rådmann ser difor at ved ei nedlegging av Flatraket skule, bør ein sjå vekk frå alternativet om samla mellomtrinn.

Sjølv med elevane ved Flatraket skule flytta til Selje skule, vil det vere plass for eit samla u-trinn ved Selje skule.

Vidare kan vi konstatere at det vil vere plass til mellomtrinnet frå Selje skule på Stadlandet skule sjølv om Stadlandet skule beheld sitt u-trinn. Flytting av mellomtrinnet frå Stad til Selje gjev om lag like long reiseveg som om Flatraket-elevane måtte reise til Stadlandet skule. Rådmann vurderer dette som for lang reiseveg for denne aldersgruppa.

Vi ser av desse vurderingane at det kan vere fleire alternative endringar å vurdere i samband med evt. strukturendring/ omorganisering i grunnskulen i kommunen:

1. Nedlegging av Flatraket skule.
2. Samle mellomtrinn på Stadlandet skule og u-trinn på Selje skule (Flatraket skule oppretthalden).
3. Nedlegging av Flatraket skule og samling av u-trinn på Selje skule
4. Samle mellomtrinna frå Selje skule og Stadlandet skule på Stadlandet skule (Flatraket skule oppretthalden, u-trinna kvar for seg som no)

5.

I den føreståande høyringsrunden vil altså desse fire modellane bli å gje uttale om.

Dette betyr at det vil føreligge fire alternativ til ny forskrift for skulekrinsar i Selje kommune med verknad frå 01.08. 2015. Etter at høyringsrunden er gjennomført, skal kommunestyret ta stilling til v al av modell/ alternativ forskrift.

I gjeldande forskrift for skulekrinsar i Selje kommune (k-sak 10/14, 27.02.2014) st ar det i §2-1:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har fr a 01.08. 2014 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet Oppvekstsenter sin skulekrins forst ar ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik,  rвик, Honningsv ag), området fr a Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Flatraket skulekrins forst ar ein som området fr a kommunegrensa til V ags oy til og med Rundereim, samt Barmen.

 vrige område tilh oyrer Selje skulekrins.

N ar det gjeld kva skulekrins ein h oyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven st ar oppf ort med i Folkeregisteret.

Med dei fire alternativa som er skissert i saksutgreiinga over, vil det bli desse alternative formuleringar i § 2-1:

Alternativ 1:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har fr a 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forst ar ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik,  rвик, Honningsv ag), området fr a Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

 vrige område i kommunen tilh oyrer Selje skulekrins (s orsida av kommunen fr a kommunegrensa til V ags oy til og med Sk arb o, samt Barmen, Kj ode (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsomr ada i Selje).

N ar det gjeld kva skulekrins ein h oyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven st ar oppf ort med i Folkeregisteret.

Alternativ 2:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har fr a 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forst ar ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik,  rвик, Honningsv ag), området fr a Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins  a rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Flatraket skulekrins forst ar ein som området fr a kommunegrensa til V ags oy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhører Selje skulekrins. I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 3:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Øvrige område i kommunen tilhører Selje skulekrins (sørsida av kommunen frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Skårbø, samt Barmen, Kjøde (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsområda i Selje).

I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 4:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet Oppvekstsenter sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhører Selje skulekrins.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins å rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Utdrag frå rapporten til omstillingsgruppa for oppvekst:

6.7 Tiltak: Nedlegging av Flatraket skule

Med kravet om 4,4 mill. i innsparing, ser arbeidsgruppa at nedlegging av éin skule ikkje er nok. Tidlegare utgreiingar syner at det i åra som kjem, er plass til elevane frå Flatraket på Selje skule. Arbeidsgruppa ser difor at utan ein inntektskompensasjon (som arbeidsgruppa ikkje finn innanfor sektoren oppvekst), må også Flatraket skule leggest ned for å oppnå innsparingskravet.

Arbeidsgruppa peikar på meiningsytringar på Flatraket som peikar på den geografiske nærleiken bygdane har i høve Skavøypoll skule. Viss det blir vedteke nedlegging av Flatraket skule, kan det bli krav frå bygdane om interkommunalt samarbeid om skulekrins, slik lovverket no opnar for. Vi talar då imidlertid om gjesteelevpris for dei elevane som då vil gå på skule i Vågsøy – noko som er relativt kostbart.

Ved ei eventuell nedlegging av Flatraket skule, kan ein også risikere at innbyggjarane går mot ein oppstart av privatskule. Erfaringar frå andre kommunar syner at dette ofte vert ei dyrare løysing for kommunane enn om skulen vart oppretthalden. Pr 1.1.2014 er denne satsen 125 375 kr pr elev. Ei nedlegging vil føre til ein skuleveg på opptil 2 timar pr. dag – dette vil vere uheldig for dei yngste elevane.

SFO-tilbodet for elevar frå Flatraket blir svært langt unna viss det er SFO-tilbodet på Selje skule som må nyttast. Jf. merknad under 5.7 om manglande plass til SFO-tilbod i Flatraket barnehage.

Lønsbudsjettet 2013 inkl. sosiale avg. er 4.700.000. Ved evt. flytting av elevane til Selje skule, må klassane/ gruppene styrkast i høve den auken flyttinga utgjer for gruppestorleiken. Utgangspunktet er den minstenorma vi definerte for to år sidan. Med utgangspunkt i denne minstenorma (som vi i dag ligg under), bør Selje skule styrkast med om lag 50 rammetimar i 1.-7. klasse når elevane frå Flatraket skule evt. kjem inn i klassane. Med dagens snittkostnad på rammetimar, utgjer dette ein årleg kostnad på 1.250.000. Evt. spesialpedagogiske ressursar må flyttast med elevar som har dette. Stipulert 200.000.

Skyssbildet blir snudd, og det vil også bli ein auka skysskostnad når Flatraket-elevane skal til Selje skule. Stipulerte meirutgifter til skyss, er 500.000.

Kostnaden på bygget er om lag 250.000 årleg. Reinhaldskostnaden er i dag om lag 220.000

Innsparingspotensialet er dermed om lag 3 mill. på årsbasis.

Ved ei samtidig nedlegging av Ytre Stad skule og Flatraket skule vil det dei første kommande åra ikkje vere rom for alle lærarane på dei attverande skulane. Då lønsbudsjettet er det avgjerande i eit innsparingsperspektiv, må ein difor gå til oppseiing av lærarar sjølv om vi på sikt (om nokre år) har trong for nye lærarar grunna «naturleg avgang»/ pensjonering.

Ved vurdering av nedlegging, må høyringsrundane og høyringsuttalane frå våren 2013 takast med.

5.3 Tiltak: Samla ungdomstrinn

Ungdomstrinnet på Stad går alt i 2014 mot ein fådeltmodell (samanslegne klassar) grunna lågt elevtal på årskulla. Likevel er u-trinnet samla sett så stort dei par næraste åra at vi får parallellar ved samkøyring. Reint økonomisk er det difor lite å hente dei første åra då vi ved samling også får auka skyssutgifter. Viss elevtalet ikkje aukar ved tilflytting, er ei samordning/samløkalisering av ungdomstrinnet noko ein kan vurdere. Då vil det vere eit innsparingspotensiale i dette. Slik klasseromssituasjonen er i dag, er det ikkje plass til parallellar på Selje skule (med Flatraket-elevane inne). Viss Flatraket-elevane ikkje kjem, gjer fådelt-situasjonen på barnetrinnet at det kan vere plass til parallell-klassar på u-trinnet på Selje skule. Samlokaliserer ein mellomtrinnet på Stadlandet oppvekstsenter, har Selje skule plass til eit samla ungdomstrinn.

For dei elevane som bur lengst vekk, blir det relativt lang skuleveg til Selje. Det blir også lang skuleveg for u-elevar frå Flatraket viss ein vél å ha eit samla u-trinn lokalisert på Stadlandet Oppvekstsenter. Arbeidsgruppa stiller også spørsmål om skuleskyssen kan gjennomførast snøggare?

GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem) syner for årets rapportering (oktober kvart år) at det er lagt ut 170 rammetimar på ungdomstrinna på dei to skulane (ordinær undervisning –altså utan spesialundervisning). Tenkjer ein seg skuleåret 2015/2016 (elevtal 31-31-38) drive med to klassar på 31 elevar kvar med 10 timar styrking og to parallellar med 5 timar styrking kvar, vil det gå med 150 rammetimar. No er det her å merke at Stadlandet OS vil måtte klare seg med færre rammetimar framover då dei som nemnt får så lågt elevtal at også ungdomstrinnet blir fådelt: årstrinn må undervise samla delar av tida.

Tenkjer ein seg dermed ei innsparing på om lag 23 rammetimar, har dette ein kostnad på om lag 650.000. Meirutgiftene ved å skyse elevane til Selje blir om lag 300.000. Innsparing kan då vere 350.000 årleg dei første åra.

Ved samling av ungdomstrinna slik det er skildra, bør ein også kunne redusere noko på administrasjonen. Stipulert innsparing 280.000.

Arbeidsgruppa peikar på behovet for opprusting av spesialromma som særleg u-trinnet nyttar. Framtidig opprusting for u-trinnet vil då uansett bli rimelegare viss u-trinna er samla: det trengst då opprusting berre på ein skule.

Då dette ikkje var med i høyringa for forskrift for kringsgrenser i 2013, skal slik høyring gjennomførast før endeleg vedtak.

Konklusjon: Det bør etablerast felles ungdomstrinn. Framtidig lokalisering vert Selje skule. Det blir ikkje vesentlege økonomiske innsparingar ved dette tiltaket dei næraste åra. Fordelen med å samle ungdomstrinnet så tidleg som muleg, er at ein på den måten får to relativt stabile klassar på 20 elevar kvar –noko som er ein ideell undervisningssituasjon. Med god styrking kan ein køyre klassar med 31 elevar.

5.4 Tiltak: Samle mellomtrinn

Slik elevtalsutviklinga er framover, kan elevane på mellomtrinnet på Selje skule og Stadlandet oppvekstsenter og Ytre Stad skule slåast saman ---og likevel ikkje overskride ei klasse i storleik (sjå vedlegg). Då alle skulane no er fådelte, og har dels samanslegne årstrinn- samt at vi får auka kostnad på skyss --får ein ikkje full uttelling i høve samanslåing, men det er likevel eit innsparingspotensiale i dette tiltaket.

Framtidig plassering av samlokalisert mellomtrinn bør vere Stadlandet oppvekstsenter. I denne modellen, er Flatraket skule framleis i drift. Med denne modellen unngår ein særskild lang skuleveg før elevane er i ungdomsskulen.

GSI-rapporteringa oktober 2013 syner at det dette skuleåret samla for dei tre skulane blir nytta 134 rammetimar til ordinær undervisning (ikkje medrekna spesialundervisning). Elevtalsprognosane syner at det skuleåret 2015/2016 med eit samla mellomtrinn blir klassar med mellom 17 og 27 elevar på mellomtrinnet. Med grunnressurs på 30 timar og ei styrking på 6 timar (= minstnorma), vil dette medføre bruk av 108 rammetimar på mellomtrinnet (ordinær undervisning). Innsparinga er då 26 rammetimar. Noverande snittpris pr. rammetime er i overkant av 25.000 kr. Dette betyr ei innsparing på om lag 650.000 på undervisning.

Til fråtrekk kjem skulskyssen. Meirkostnaden for skuleskyss ved nedlegging av Ytre Stad skule er teken med i innsparingspotensialet der, og skal difor ikkje trekkast frå fleire gongar. Skuleåret 2015/2016 skal 39 elevar skyssast dei 16 km mellom Selje og Stadlandet OS. Med 40 kr pr elev pr dag, vil dette på årsbasis koste 295.000.

Innsparinga på flyttinga er då om lag 350.000 kr.

Då dette ikkje var med i høyringa i høve forskrift for krinsgrenser i 2013, skal slik høyring gjennomførast før endeleg vedtak.

Konklusjon: *Framtidig plassering av samlokalisert mellomtrinn bør vere Stadlandet oppvekstsenter. I denne modellen er Flatraket skule framleis i drift. Med denne modellen unngår ein særskild lang skuleveg før elevane er i ungdomsskulen.*

HØYRINGSUTTALAR VED HANDSAMINGA AV FORSKRIFT FOR SKULEKRINSAR 2013 - 2014

I samband med at ny for skrift om skulekrinsar var ute på høyring, kom det inn høyringsuttalar i høve dei to krinsane som alternativt vart føreslegne nedlagde: Ytre Stad skule og Flatraket skule. Vi gjengjev samandrag at høyringsuttalane her:

Samandrag av høyringsuttalane

FAU Flatraket skule:

Uttalen legg særleg vekt på den forlenga reisetida for elevane. Bortfall av SFO i bygda er også vektlagt. Uttalen peikar også på at Flatraket er ei bygd i vekst. Konklusjonen er at skulen må oppretthaldast.

SU Flatraket skule:

Uttalen støttar alle punkt i uttalen frå FAU ved skulen.

Selje Venstre:

Uttalen syner til innspela på folkemøta om samfunnsdelen i kommuneplanen for to år sidan, der skulen vart sterkt prioritert. Her vert det vist til kva som må til for å initiere auka busetnad i bygdene. Uttalen peikar også på at evt. nedlegging av skular gjer vesentleg lengre reisetid for elevane. Konklusjonen er å oppretthalde noverande skulestruktur.

Utdanningsforbundet ved Flatraket skule:

Uttalen støttar framlegg a, med fire skulekrinsar som i dag.

Barmøy Bygdelag:

Uttalen syner til kor viktig Flatraket skule er som samlingsfaktor for bygdene i den sørlege delen av kommunen. Vidare peikar uttalen på at Flatraket er ein krins i vekst. Konklusjonen er at Flatraket skule må bestå.

Fau og SU ved Ytre Stad skule og barnehage:

Uttalen meiner at skulen er sentral for å få utvikling i bygda. Det blir synt til relativt stor tilflytting til krinsen dei seinare åra (uttalen har vedlagd lokal statistikk). Dette syner at framskriving av folketalstatistikkar ikkje gjev godt grunnlag for prognosar. Uttalen vektlegg særleg den auka reisetida evt. nedlegging vil bety for dei minste elevane. Det vert uttalt at alternativet med småskule på Ytre er interessant. Uttalen slær fast at det finst ei nedre grense for drift av skulen, både kva gjeld elevtal, økonomi og tilbod – men talfestar ikkje slik grense. Konklusjonen er å oppretthalde fire skulekrinsar.

Utdanningsforbundet ved Stadlandet oppvekstsenter:

Uttalen argumenterer med at ei evt. samanslåing av skular vil binde opp meir tid for rektor –tid som dei tilsette meiner bør prioriterast pedagogisk leing. Uttalen peikar på at det meste av bygningsmassen på Stadlandet oppvekstsenter er gamal og nedsliten. Fleire elevar vil bety større slitasje. Det vert også synt til den lange skulevegen for dei minste elevane ved ei evt. samanslåing av skular. Konklusjonen er at Stadlandet oppvekstsenter og Ytre Stad skule og barnehage ikkje blir samanslegne.

Elevrådet ved Flatraket skule:

Uttalen peikar på at skulen i dag har eit godt skulemiljø, og at elevane har god plass både inne og ute. Det blir trangare om dei skal gå på Selje skule. Det vert peika på lang skuleveg og auka kostnad viss alle elevane må til Selje skule.

SU ved Stadlandet oppvekstsenter:

Uttalen syner til at elevrådet har ei uttale om at dei ynskjer at det vert fire skulekrinsar så lenge det er elevgrunnlag på Ytre, og fordi det blir lang skuleveg for minste elevarne ved skulenedlegging. Ei uttale frå andre tilsette ved skulen ynskjer oppretthalding av fire skulekrinsar. FAU uttalar at dei ynskjer nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage. SU røysta over alternativa a og b, der alternativ b fekk 3 røyster og alternativ a fekk 6 røyster.

Utdanningsforbundet ved Ytre Stad skule og barnehage:

Uttalen stiller seg bak uttalen frå FAU og SU ved skulen.


Folkemøta

Dei elementa/tema som kom fram under ordskifta på folkemøta på Ytre Stad skule og barnehage og på Flatraket skule, er komne fram gjennom høyringsuttalane som er komne inn.

Elevtalsutvikling

Elevtal ved
skulestart

	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Selje	165	154	147	149	142	126
Stadlandet	108	109	102	107	103	101
Flatraket	45	49	42	41	38	43
Sum:	318	312	291	297	283	270



2014/2015	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
1	Selje skule	15	9	12	11	15	14	13	23	25	28	165
	Stadlandet skule	6	9	14	7	11	14	13	9	12	13	108
	Flatraket skule	7	5	2	6	9	11	5				45
	Sum kommune											318
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	22	14	14	17	24	25	18	23	25	28	210

2015/2016	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
2	Selje skule	12	15	9	12	11	15	14	18	23	25	154
	Stadlandet skule	14	6	9	14	7	11	14	13	9	12	109
	Flatraket skule	9	7	5	2	6	9	11				49
	Sum kommune											312
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	21	22	14	14	17	24	25	18	23	25	203
	<i>Samla u-trinn</i>								31	32	37	100

2016/2017	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
3	Selje skule	7	12	15	9	12	11	15	25	18	23	147
	Stadlandet skule	5	14	6	9	14	7	11	14	13	9	102
	Flatraket skule	4	9	7	5	2	6	9				42
	Sum kommune											291
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	11	21	22	14	14	17	24	25	18	23	189
	<i>Samla u-trinn</i>								39	31	32	102

2017/2018	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
4	Selje skule	16	7	12	15	9	12	11	24	25	18	149
	Stadlandet skule	14	5	14	6	9	14	7	11	14	13	107
	Flatraket skule	8	4	9	7	5	2	6				41
	Sum kommune											297
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	24	11	21	22	14	14	17	24	25	18	190
	<i>Samla u-trinn</i>								35	39	31	105

2018/2019	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
5	Selje skule	5	16	7	12	15	9	12	17	24	25	142
	Stadlandet skule	9	14	5	14	6	9	14	7	11	14	103
	Flatraket skule	3	8	4	9	7	5	2				38
	Sum kommune											283
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	8	24	11	21	22	14	14	17	24	25	180
	<i>Samla u-trinn</i>								24	35	39	98

2019/2020	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
6	Selje skule	7	5	16	7	12	15	9	14	17	24	126
	Stadlandet skule	12	9	14	5	14	6	9	14	7	11	101
	Flatraket skule	7	3	8	4	9	7	5				43
	Sum kommune											270
	<i>Selje sk. + Flatr.skule</i>	14	8	24	11	21	22	14	14	17	24	169
	<i>Samla u-trinn</i>								28	24	35	87

Lover/regelverk

Opplæringslova

Forvaltningslova

Saksgang

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak om utgreiing, gjer Driftsutvalet vedtak om høyring.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Med bakgrunn i k-sak 16/14, gjer Driftsutvalet vedtak om at følgjande høyringsbrev skal sendast ut på høyring med dei gjevne høyringsfristar:

Høyringsframlegg til alternative vedtak om innhald i § 2-1 i forskrift om kringsgrenser for grunnskulen i Selje kommune.

Bakgrunnen for vedtaket om høyring på framlegg til ny lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune, er vedtak KS-16/14.

Med bakgrunn i Forvaltningslova kapittel VII , gjer kommunestyret i Selje kommune vedtak om lokal forskrift for framtidig skulestruktur i Selje kommune ved å velje eit av desse alternativane som gjeldane for innhald i § 2-1 i ny forskrift:

Med dei fire alternativa som er skissert i saksutgreiinga over, vil det bli desse alternative formuleringar i § 2-1:

Alternativ 1:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Øvrige område i kommunen tilhøyrer Selje skulekrins (sørsida av kommunen frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Skårbø, samt Barmen, Kjøde (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsområda i Selje).

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 2:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins å rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhøyrer Selje skulekrins. I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 3:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Øvrige område i kommunen tilhøyrer Selje skulekrins (sørsida av kommunen frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Skårbø, samt Barmen, Kjøde (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsområda i Selje).

I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 4:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet Oppvekstsenter sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhøyre Selje skulekrins.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins å rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Gjeldande frå 01.08. 2015

Vedteken av kommunestyret i Selje xx.xx.2015

Høyringsbrev

Det skal på bakgrunn av vedtak i Driftsutvalet om høyring på lokal forskrift om skulekrinsar, utferdigast eit høyringsbrev der hovudelementa i forskriftsarbeidet vert skildra, og der det vert opplyst om høyringsfrist. Høyringsfrist i denne saka blir 1. februar 2015.

Etter gjennomgang av innkomne høyringsuttalar, gjer kommunestyret vedtak om lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune gjennom vål av eit av alternativa i høyringsframlegget som innhald i § 2-1 .

Høyringsfråsegner skal stilast til:

Selje kommune, kommunehuset, 6740 Selje. Epost: post@selje.kommune.no.

Frist for å komme med høyringsfråsegn, er sett til 1. februar 2015

Høyringsinstansar:

Foreldreråd/FAU/SU/skulemiljøutval/elevråd og tilsette ved følgjande skular:

Flatraket skule
Selje skule
Stadlandet skule

Andre:
Utdanningsforbundet
Fagforbundet
Delta
Sogn og Fjordane fylkeskommune

.....

Handsaming i Driftsutvalet - 13.11.2014

6 voterande

Framlegg frå H, FRP, TP:

Driftsutvalet sender saka til Formannskapet med anbefaling om at saka ikkje vert sendt ut til høyring.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst for og 5 røyster mot.
Framlegg frå H, FRP, TP fekk 5 røyster for og 1 mot.

KU-047/14 FRAMLEGG

Driftsutvalet sender saka til Formannskapet med anbefaling om at saka ikkje vert sendt ut til høyring.

Handsaming i Formannskapet - 26.11.2014

7 voterande

Framlegg frå Formannskapet:

Saka vert utsett til møte i Formannskapet 11.12.14.
Administrasjonen vert bede om å utgreie alternativ om 1. skulekrins og konsekvensar det vil få.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-096/14 FRAMLEGG

Saka vert utsett til møte i Formannskapet 11.12.14.
Administrasjonen vert bede om å utgreie alternativ om 1. skulekrins og konsekvensar det vil få.

Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014

7 voterande

Orientering:

Formannskapet vedtok å ta opp saka som ekstrasak. Den vart handsama etter sak 112/14.

Framlegg frå Formannskapet:

Med bakgrunn i k-sak 16/14, gjer Formannskapet vedtak om at følgjande høyringsbrev skal sendast ut på høyring med dei gjevne høyringsfristar:

Høyringsframlegg til alternative vedtak om innhald i § 2-1 i forskrift om kringsgrenser for grunnskulen i Selje kommune.

Bakgrunnen for vedtaket om høyring på framlegg til ny lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune, er vedtak KS-16/14.

Med bakgrunn i Forvaltningslova kapittel VII , gjer kommunestyret i Selje kommune vedtak om lokal forskrift for framtidig skulestruktur i Selje kommune ved å velje eit av desse alternativa som gjeldane for innhald i § 2-1 i ny forskrift:

Med dei fire alternativa som er skissert i saksutgreiinga over, vil det bli desse alternative formuleringar i § 2-1:

Alternativ 1:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Øvrige område i kommunen tilhøyrer Selje skulekrins (sørsida av kommunen frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Skårbø, samt Barmen, Kjøde (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsområda i Selje).

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 2:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins å rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhøyrer Selje skulekrins. I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 3:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse to skulekrinsane:

Stadlandet skule sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.

Øvrige område i kommunen tilhører Selje skulekrins (sørsida av kommunen frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Skårbø, samt Barmen, Kjøde (til fylkesgrensa mot Vanylven) og sentrumsområda i Selje).
I tillegg blir 8.- 10. klasse i den geografiske avgrensinga til Stadlandet skule sin skulekrins å rekne som del av Selje skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ 4:

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

Selje kommune har frå 01.08. 2015 desse tre skulekrinsane:

Stadlandet Oppvekstsenter sin skulekrins forstår ein som alle bygdene vest for Dalskaret (Morkadalen, Ferstad, Ervik, Årvik, Honningsvåg), området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik samt området Leikong til og med Otnes.
Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen.

Øvrige område tilhører Selje skulekrins.

I tillegg blir elevane i 5.-7. klasse i den geografiske avgrensinga til Selje skule sin skulekrins å rekne som del av Stadlandet skule sin skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet (Høyring) fekk 3 røyster for og 4 røyster mot.

Formannskapet sender saka til handsaming i Kommunestyret 15.12.14.

FS-117/14 FRAMLEGG

Saka går til handsaming i Kommunestyret 15.12.14

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2014

17 voterande

Framlegg frå KRF:

Selje kommunestyre sender ut høyring forskrift skulekrinsen jf. forslag til vedtak fra administrasjonen i sak 47/14 i Driftsutvalet, med unntak alt. 1 – to skulekrinsar.

Røysting:

Framlegg frå KRF fekk 5 røyster for og 12 mot.

KS-085/14 VEDTAK / KONKLUSJON

Saka vert dermed ikkje å sende ut på høyring.

